



MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato 23.02.2023
Møtetid: Kl. 15:00
Møtestad: Kommunehuset – Kommunestyresalen

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Synfaring på Erikajorda kl. 14:00

Før møtet blir det synfaring på Erikajorda (gbnr. 18/230).
Frammøte ved Nordbygda grendahus kl. 14:00.

Presentasjonar m.m. i starten av møtet

- Haraldsplass Diakonale Sjukehus – presentasjon og dialog
- Innlegg frå Samningen v/redaktør Hallvard Tysse

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2023	23/155	Godkjenning av innkalling og sakliste	
002/2023	23/156	Faste saker	
003/2023	18/554	FV. 49 Steinsdalen - Eikedalen	
004/2023	21/740	Uttale til opplegg for bompengeneinnkreving for nye E16 mellom Arna og Stanghelle	
005/2023	22/764	Sal av tomt – gbnr. 18/230 – Erikajorda	
006/2023	20/222	Årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune	
007/2023	20/1030	Framtidig brannstasjon på Tjoraklumpen og Tysse	
008/2023	20/605	Avvikling av barnevernutvalet	
009/2023	20/140	Vurdering av gratis skulemat ved Samnanger ungdomsskule	
010/2023	23/91	Busetjing av flyktningar 2023 - oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)	
011/2023	22/733	Reguleringsplan Raunekleiva næringsområde	
012/2023	19/28	Endring VA-gebyr sjølvkostområde Eikedalen	
013/2023	22/95	Evaluering av transportordninga "Svinta"-skyss	
014/2023	23/42	Auka økonomisk støtte til lag og organisasjonar	
015/2023	21/278	Frisklivsentralen og trening for eldre	
016/2023	22/326	Straumstøtte til bedrifter og næringsliv i Samnanger 2023	
017/2023	21/828	Tilstandsrapport 2022 for barnevernstenesta i Samnanger	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 23/155	Løpenr: 23/1524
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	23.02.2023	001/2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Innkalling og sakliste vert godkjent.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 23/156	Løpenr: 23/1526
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	23.02.2023	002/2023

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Orienterings-/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ole-Martin Bruvik	Arkivkode: FA-Q10
Arkivsaksnr: 18/554	Løpenr: 23/705
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	008/2023
Kommunestyret	23.02.2023	003/2023

FV. 49 Steinsdalen - Eikedalen

Oppstart av arbeid med fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Uttsettelse av saka, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet

Samnanger kommune sier nei til bompenger for et prosjekt som omhandler rassikring av Tokagelet og at bilister som ikke bruker tunnelen, likevel skal betale for veistrekningen.

Prinsippet er at kun brukere av rassikrings-tunnelen skal betale bompenger, dersom det blir innført på strekningen.

Saken utsettes inntil KVVU's innstilling til stamveg foreligger.

09.02.2023

Handsaming:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg om å senda saka vidare til kommunestyret utan innstilling frå formannskapet.

Odd Arne Haga (Frp) trekte framlegget sitt.

I røystinga vart framlegget til Øyvind Røen sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget til Øyvind Røen vart samrøystes vedteke.

FORM- 008/2023 Vedtak:

Saka vert sendt vidare til kommunestyret utan innstilling.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tilrår at Vestland fylkeskommune startar utgreiing av eit fagleg grunnlag for bompengesak for fv. 49 Steinsdalen – Eikedalen, basert på bompengepropellet som er føreslege av fylkeskommunen. Kommunestyret føreset at arbeidet skjer i eit nært samarbeid med kommunane.

Dokument som er vedlagt:

Fv. 49 Steinsdalen- Eikedalen (tunnel forbi Tokagjelet) - Oppstart av arbeid med fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering
notat forehandsvurdering Tokagjelet – Kopi.pdf

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune (VLFK) har gjort eit vedtak på å starte planarbeid for ny tunnel forbi Tokagjelet, frå Steinsdalen til Eikedalen. Det er allereie no gjort ei vurdering på at det ikkje er råd å finansiere utbygging av tunnel berre basert på midlar som VLFK har til rådighet. Delvis bompengefinansiering er ein veg å gå for å få finansierte utbygginga av tunnelen.

Saka gjeld korleis VLFK skal gjere si vurdering av kva takstar og kvar bompengestasjonar skal plasserast. Sjå vedlegg Notat forehandsvurdering Tokagjelet - kopi.

Samnanger kommune og Kvam herad må gjere tilnærma likelydige vedtak for at fylkeskommunen kan gjere vedtak.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Me er framleis tideleg i prosessen om vedtak om delvis bompengefinansiering. Før det blir gjort eit vedtak om bompengefinansiering, skal saka opp igjen på nytt i Samnanger kommune og Kvam herad. Då vil det bli gjort eit vedtak på bompengesatsar og plassering som er blitt arbeida ut frå grunnlaget som det blir gjort vedtak om her.

Samnanger kommune har framleis moglegheit til å påverke utfallet til delvis bompengefinansiering av tunnelen. Samnanger kommune bør vedta å gå vidare i prosessen for å kunne gjere ei vurdering basert på meir nøyaktige tal og utgreiing.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Pål Strand	Arkivkode: FA-Q12
Arkivsaksnr: 21/740	Løpenr: 23/1060
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	015/2023
Kommunestyret	23.02.2023	004/2023

Uttale til opplegg for bompengeneinnkreving for nye E16 mellom Arna og Stanghelle

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

bompenger, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet

Vedtak:

Veistrekningenstrekingen Arna – Trengereid ikke skal bompengebelastes.

Eventuell bomstasjon skal plasseres øst for Trengereid

09.02.2023

Odd Arne Haga - FRP

Handsaming:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

I røytinga vart framlegget til Odd Arne Haga sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget til rådmannen fekk 7 røyster og vart vedteke. Framlegget til Odd Arne Haga fekk 1 røyst (Odd Arne Haga).

FORM- 015/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til Statens vegvesen sitt tilrådde bompengelopplegg slik det kjem fram i pkt. 5.4 i dokumentet *E16 Arna – Stanghelle, Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering* d. 29.04.22.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til Statens vegvesen sitt tilrådde bompengelopplegg slik det kjem fram i pkt. 5.4 i dokumentet *E16 Arna – Stanghelle, Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering* d. 29.04.22.

Dokument som er vedlagt:

Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering av E16 Arna-Stanghelle.PDF (1)

Saksopplysningar:Bakgrunn for saka:

Statens vegvesen har oversendt fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering av ny E16 Arna - Stanghelle.

Statens vegvesen ber om at vedtakskommunane Bergen og Vaksdal, Vestland fylkeskommune samt høyringskommunane Osterøy, Samnanger, Kvam og Voss sluttar seg til bompengelopplegget slik som tilrådd i det faglege grunnlaget.

Samnanger kommune er høyringskommune og kommunestyret fatta følgjande vedtak i sak 098/2021:

Samnanger kommune er inneforstått med at ny E16 må finansierast med bompengar. Likevel har pendlarar aust for Bergen allereie betalt bompengar for delar av gamlevegen i Arnanipatunnelen. Me ber derfor om at reduserte bompengar vert vurdert på gamlevegen, alternativt at bomstasjonen vert plassert aust for Trengereid.

Vidare ynskjer Samnanger at overskotsmassar vert vurdert nytta også aust for Gullbotn (FV 579 og utviding/utbedring) og gang/sykkelveg Hisdal Ådland.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Fellesprosjektet Vossabanen og E16 Arna – Stanghelle er eit samarbeidsprosjekt mellom Statens vegvesen og Bane NOR. Prosjektet er prioritert med oppstart i fyrste periode av Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033, og det omfattar ny veg og bane mellom Arna i Bergen kommune og Stanghelle i Vaksdal kommune. Statens vegvesen er prosjekteigar og prosjektet skal byggast i samarbeid med Bane NOR.

Mellom Arna og Trengereid blir vegen bygd som firefelts veg i toløps-tunnelar. Dei to tunnellopa vil fungere som rømmingstunnel for kvarandre. Mellom Trengereid og Stanghelle blir det to tunnelstrekningar. Her vil det bli ny tofelts veg. Veg og bane vil gå i to parallelle tunnellop og fungere som rømmingstunnelar for kvarandre. Oversiktskartet i figur 1 syner planlagt veg og bane.



Vurderingar og konsekvensar:

Bompengeopplegget er skildra i kapittel 5. Det er foreslått bomstasjonar aust og vest for Trengereid, både på ny og gamal veg.

Takst og rabattsystem er skildra i kapittel 6.

Etter første kostnadsanslag på 13 687 millionar kroner (2021) har det vore ei auke på 960 millionar fram til ntp 2022, sjå kapittel 9, med utdyping i punkt 3.1. Statens vegvesen skriv følgande om prisvekst (epost av 02.02.23):

Byggekostnadsindeks for veganlegg mellom 2021 og 2022 er 14,2 %. Vi har berekna kostnader i 2021-kr i det faglege grunnlaget til lokalpolitisk behandling. Vi la differansen for den reelle prisveksten for 2020 til 2021 på bompengebidraget i det faglege grunnlaget til lokalpolitisk behandling. I NTP var det lagt til grunn ein venta prisvekst på 2,4 % mellom 2020 og 2021. Den viste seg å bli 6,9 %. Dermed tok vi opp bompengebidraget i høve det som blei lagt til grunn i NTP 2022-2023.

Aktuelle problemstillingar blir blant anna plassering av bomstasjonar, takstnivå og handtering av kostnadsauke og prisstigning, herunder plassering av bomstasjon og takst (heil eller halv takst) på bomstasjon på sideveg mellom Trengereid og Arna.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Pål Strand	Arkivkode:
Arkivsaksnr: 22/764	Løpenr: 23/1059
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	014/2023
Kommunestyret	23.02.2023	005/2023

Sal av tomt – gbnr. 18/230 – Erikajorda

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Gildskap:

Det vart innleiingsvis reist spørsmål om gildskapen til Odd Arne Haga (Frp). Bakgrunnen for dette er at han er ein av interessentane som har gitt eit tilbod til kommunen om å kjøpa eigedomen som saka gjeld (gbnr. 18/230). Odd Arne Haga gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskapen hans. Han vart samrøystes funnen ugild og deltok ikkje i handsaminga av saka. Heimel for vedtaket om ugildskap var forvaltningslova § 6 andre ledd første punktum, jf. kommunelova § 11-10.

Handsaming:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram framlegg om å senda saka vidare til kommunestyret utan innstilling.

I røystinga i saka vart framlegget til Knut Harald Frøland sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget til Knut Harald Frøland vart samrøystes vedteke.

Etter røystinga sette Gunn Totland Moss fram ønske om synfaring på eigedomen før kommunestyret sitt møte 23.02.2023 kl. 15:00. Ordførar Knut Harald Frøland orienterte om at han tek sikte på at det vil bli tilbod til kommunestyremedlemmene om synfaring 23.02.2023 kl. 14:00.

FORM- 014/2023 Vedtak:

Saka vert sendt vidare til kommunestyret utan innstilling.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eigedomen gbnr. 18/230 vert lagt ut for sal på den opne marknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå opsjonsavtale om sal, og gjennomføra sal av eigedomen. Det skal i forkant av val av avtalepart lysast ut ei kunngjering der moglege interessentar kan melde seg.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:


En potensiell kjøper har sendt inn forslag til opsjonsavtale for kjøp av eigedomen 18/230, til utvikling til bustadføremål. Avtalen er ment å gje opsjonshavarane ein rett, men ikkje ein plikt til å kjøpe eigedomen av kommunen. Varigheit på avtalen skal være frem til 1. november 2026.

Samnanger kommune erverva innmarka på eigedomen i 2012, for å sikre vidare bruk i tråd med kommunen sine planar. Området var allereie da regulert til bustadføremål. I sakspapira frå 2009 går det fram at kommunen har sett for seg å regulere området, og det er og tankar om opparbeiding av veg, vann og avløp.

Rådmannen si mynde i høve sal av kommunal eigedom går fram av delegeringsreglementet punkt 18.2.3 bokstav o)

Fullmakt til å gjennomføra sal av kommunale eigedommar som kommunestyret har vedteke skal seljast. Fullmakta omfattar òg sal av tomtar i kommunale bustadfelt.

Saka leggst derfor fram for kommunestyret.



Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Området er regulert til bustadføremål i kommuneplanen. Det er ikkje utarbeida reguleringsplan. Spørsmålet blir først om eigedomen skal seljast og i tilfelle korleis sal av eigedomen skal skje. KS` etikkutval uttaler følgande om sal av kommunal eigedom:

1. *Åpenhet. Når kommunen skal selge en eiendom, bør hovedregelen være at den annonseres for salg i full åpenhet. Dersom andre hensyn enn pris kan bli vektlagt ved salget, bør dette komme fram i annonseteksten. Dersom en kommunal eiendom som et unntak gis bort eller inngår i et makebytte må det etter offentlig diskusjon foreligge et politisk vedtak om dette som legges til grunn.*
2. *Kommunalt ansatte. Ansatte må som en generell regel likebehandles med andre interessenter, og ha lov til å by på kommunal eiendom som legges ut for salg, altså skal de*

heller ikke gis fordeler. Dersom kommunen mener det er nødvendig at kommunalt ansatte av særskilte hensyn bør tilgodeses i enkeltsaker, må det begrunnes offentlig gjennom et politisk vedtak (...).”

Lov om offentlege anskaffingar gjeld ikkje for sal av eigedom. Sal av fast eigedom regulerast ikkje direkte i kommunelova elle forvaltningslova, men prinsippet om forsvarleg sakshandsaming i forvaltninga gjeld tilsvarande. Offentleglova skal ivareta krav til gjennomsiktigheit og etterprøvbarheit. Forvaltningslova og kommunelova inneheld regler om habilitet der formålet bla. er å sikre mest mogleg objektiv og upartisk sakshandsaming.

Eøs-reglar om forbod mot statsstøtte kan vere relevant. Sal av tomt til underpris kan verte regna som støtte og kan vere ulovleg. Forbodet vert ikkje aktuelt ved støttebeløp under EUR 200.000 (over 3 rekneskapsår), gitt at støtta er «transparent». I dette ligger det at støttebeløpet må kunne bereknast presist før støtte tildelast. Dersom støtte vert gjeve ved sal til underpris i ein opsjonsavtale må dette bereknast og omreknast til økonomisk noverdi. ESA har utarbeida retningslinjer for statsstøtte ved sal av offentleg eigedom til aktørar som driv økonomisk verksemd. Sal til slike aktørar skal skje til marknadspris ved innhenting av takst eller ved sal etter kunngjering. Dersom prosedyren i ESA sine retningslinjer ikkje følges fullt ut, skal kommunen vurdere om salet må notifiserast til ESA.

Vurderingar og konsekvensar:

Avhending av kommunal eigedom bør normalt skje på den måten som gjev best pris. Alternativt kan arealbruksomsyn eller andre politiske omsyn tilseie direkte sal, eventuelt på vilkår. Det er mogleg å legge ein eigedom ut for sal på den opne marknaden, men opplyse om at andre omsyn enn pris kan verte vektlagt. Open bodrunde er det enklaste alternativet når det gjeld offentlegheit kring oppfyllelsen av regelverket og er normalt den metoden som gjev best pris.

Viss eigedomen skal seljast meiner rådmannen den bør leggest ut for sal på den opne marknaden. I første omgang bør det innhentast takst og inviterast til dialog med aktuelle aktørar.

Det er usikkert kor stor interesse det er for eigedomen og kva slags marknad det er for bustader i området. Rådmannen ber derfor om mynde til å inngå ein opsjonsavtale med potensielle kjøparar, om det vert vurdert som den beste løysinga. Ein opsjonsavtale vil innebere at ein potensiell kjøpar har rett men ikkje plikt til å kjøpe eigedomen i opsjonsperioden. Om det er få eller ingen interessentar, kan ein slik avtale bidra til å få avklaringar (reduere risiko) og på den måten vere det som skal til for å få til ei utvikling. Men motsett ligg det i ein opsjonsavtale at etter nokre år kan resultatet bli at det ikkje vert noko sal av eigedomen.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033, TI-&17
Arkivsaksnr: 20/222	Løpenr: 23/1303
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	23.02.2023	006/2023

Årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune

Dokument som er vedlagt:

Partsbrev - Årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune

Saksframlegg med vedtak

Årsmelding 2022 for Kontrollutvalet

Saksopplysningar:

Sekreteriatet til kontrollutvalet brukar eit anna saksbehandlingssystem enn Samnanger kommune.

Sakspapira frå kontrollutvalet ligg difor vedlagt.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FE-614
Arkivsaksnr: 20/1030	Løpenr: 23/1468
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	23.02.2023	007/2023

Framtidig brannstasjon på Tjoraklumpen og Tysse

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får mandat til

- å gjennomføre mellombelse tiltak til inntil 2 mnok på brannstasjonen på Tysse. Tiltaka vert finansiert med avsette midlar i økonomiplanen til brannstasjon i 2023.
- å vurdere om kjøp og ombygging av Røde Kors-bygget til brannstasjon kan vere ei langsiktig løysing.
- parallelt å arbeide fram forslag på andre tomter og utarbeide planteikningar som kan vere eigna som framtidig brannstasjon. Tomtene må vere i tråd med responstida til 10 minutts-objekta og til 20 minutts-objekta.

Kostnadskalkyle for eventuell ombygging på Tysse og tomteforslag med ny stasjon vert innarbeid i økonomiplanen for perioden 2024–2027.

Bakgrunn for saka: Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak 062/2022:

«Til møte i kommunestyret 8.12 vert det lagt fram ei vidare utgreiing av alternativa Tjoraklumpen og Tysse som ei permanent løysing. Utgreiinga spesifiserer blant anna arealbehov, kostnad, tidsperspektiv/framdriftsplan og visualisering av tomtealternativet. Prosjektgruppa som er foreslått i framlegget til rådmannen vert involvert i utgreiinga. Til møte i kommunestyret 8.12 er det også ynskjeleg med meir informasjon om krav om uttrykkingstid, og om desse krava er absolutte når det gjeld vurdering av tomtealternativ.»

Utgreiing av alternativ – Tjoraklumpen og Tysse:

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa som vart sett ned til å arbeide med framtidig brannstasjon har følgjande

representantar:

- Koordinator/brannbefal i Samnanger kommune – Jostein Steinsland-Hauge
- Representant Bergen Brannvesen – Eirik Pfeiffer
- Verneombod/brannkonstabel for brannmannskapa i Samnanger kommune – Ove Fossdal
- Prosjektleiar investering – Tone T. Holmefjord
- Prosjekteigar – kommunalsjef samfunnsutvikling Hilde-Lill Våge

Gruppa har vore på synfaring på nye og ombygde brannstasjonar i Eikelihoodsosen, Vaksdal og Kvam. Eirik Pfeiffer har og kunnskap om Osterøy sin nye stasjon.

Utrykkingstid

Paul Henriksen jobbar på oppdrag for Bergen kommune med å utarbeide ROS-analyse for samarbeidskommunane til Bergen brannvesen. Han kartlegg no utrykkingstida jr. forskrift, for Samnanger brannvesen og har kome med kommentarar som vist nedanfor.

Omgrepet «utrykkingstid» inneber *tida det tar frå naudmeldesentralen har utalarmert innsatsstyrken til første innsatsstyrke er på hendingsstaden.*

Utrykkingstida er regulert i [brann- og redningsvesenforskrifta § 22](#):

Brann- og redningsvesenets utrykningstid skal ikke overstige 10 minutter ved brann i

- tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning*
- sykehus, sykehjem og lignende institusjoner som krever assistert rømming*
- områder med konsentrert og omfattende næringsdrift eller lignende.*

Utrykningstiden til objekter og områder nevnt i første ledd kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risikoen i tråd med risiko- og sårbarhetsanalysen og beredskapsanalysen, jf. forskriften § 7 og § 9, men utrykningstiden skal aldri overstige 20 minutter.

I ROS-analyse som er under arbeid for brannberedskapen i Samnanger har Paul Henriksen gjeve følgjande uttale:

«Det er opplyst at Skottabakken er ein institusjon som krev assistert rømming, og objektet fell difor under første ledd, bokstav b. I utgangspunktet er difor kravet til utrykkingstid 10 minutt.

Som ein ser av andre ledd, kan utrykkingstida i særskilde tilfelle vere lengre. Rettleiinga til brann- og redningsvesenforskrifta § 22 (vedlagt) spesifiserer når utrykkingstida kan vere lengre:

Hvis brann- og redningsvesenets utrykningstid er lengre enn 10 minutter, og bygningene ikke er bygget etter TEK-17 eller oppgradert tilsvarende kravene i TEK-10, eller fullsprinklet, er det nødvendig å gjennomføre kompenserende tiltak (...).

I fotnote til spesifiseringa over, står det følgjande om omgrepet «fullsprinklet»:

Nye sykehjem (etter TEK 10 og TEK 17) vil derfor ha det som er omtalt som kompenserende tiltak i brann- og redningsvesenforskriften § 22.

Det er opplyst at Skottabakken består av ein ny del frå 2020 og ein eldre del som er ca. 20 år gamal. Det er vidare opplyst at det berre er den nye delen som krev assistert rømming; denne nye delen vart bygd i perioden 2019-2020, og det vert difor til lagt grunn at den er bygd etter TEK17. Det er òg opplyst at den er fullsprinkla.

Det er og opplyst at den eldre delen av Skottabakken består av leilegheiter på eitt plan, og at dei ikkje krev assistert rømming. Dette er omsorgsbustader som òg var der før den nye delen av Skottabakken sto klar i 2020. Det skal gjerast merksam på at denne eldre delen ikkje vart nemnt i forhold til 10- eller 20-minuttobjekt i Samnanger kommune si brannordning frå 2016. Skottabakken var heller ikkje registrert som særskilt brannobjekt før den nye delen kom i 2020.»

Henriksen summerer med :

«Slik det er opplyst, er Skottabakken ikkje eit objekt som utløyser krav til 10 minutt utrykkingstid ved brann. Det vert føresett at branntryggleiken vert halde på eit tilfredsstillande nivå, slik at krav til branntryggleik til ei kvar tid er oppfylt. Det må leggjast fram dokumentasjon på at den nye delen oppfyller TEK17 og er fullsprinkla. Det må òg dokumenterast at den gamle delen ikkje krev assistert rømming. Slik det er opplyst, ser det ut til at Skottabakken er eit objekt der brann- og redningsvesenet si utrykkingstid ikkje skal overstige 20 minutt.»

Utrykkingstid i Samnanger:

Tabellen nedanfor viser Samnanger brannvesen sine utrykkingstider pr. i dag:


(UTPRØVD) GJENNOMSNI TTLEGG UTRYKKINGSTID		
Stasjon/10-min.	Samnangerheimen	Skottabakken
Tysse	08:23	13:54
Tjoraklumpen/Nesodden	04:54	08:09
Lønnebakken	06:06	06:49
Lauvskar	09:21	07:24
Vågen	09:54	06:53

I tabellen er det og teke med Lønnebakken, Lauvskar og Vågen for å vise tidsbruken til desse lokasjonane.

Samnangerheimen ligg innanfor 10 minutt utrykkingstid frå området Vågen/Bjørkheim, medan Skottabakken ligg godt innanfor 20 minutt utrykkingstid frå Tysse. Det er ein del usikkerheit om framtidig bruk av dei eldste omsorgsbustadane på Skottabakken og bebuarane sitt behov for assistert rømming. Tilrettelegging med sprinkling og andre TEK17-krav kan difor verte aktuelt dersom desse vert 10 minutts-objekt. Det same gjeld for Restadliane 39.

Andre oppdrag

Kartet nedanfor viser alle oppdrag i Samnanger i perioden 2016-2022. Dette gjeld alt frå brann, bilulukke, redningsoppdrag og oppdragshjelp til pleie og omsorg.




Arealbehov for ein framtidig brannstasjon

For Tjoraklumpen og Tysse er det gjennomført ei vurdering saman med ABO Plan & Arkitektur AS (ABO). Det er teke utgangspunkt i volumet til brannstasjonen på Fitjar for å vurdere både arealbehov, kostnad og illustrere volumet for ein framtidig brannstasjon på dei to tomtealternativa. ABO har og eit godt kunnskapsgrunnlag, i og med dei har teikna brannstasjonen på Fitjar. Brannstasjonen på Fitjar har eit mannskap på 15 stk, om lag tilsvarende som Samnanger. Stasjonen dekkjer dei same behova for rein og skitten sone, vaske- og tørkerom i tråd med gjeldande HMS krav.

ABO har ikkje gjort vurderingar i høve planføresetnader. Ingen av tomtene er regulert til føremålet, så det må påreknast eit reguleringsarbeid. I kommuneplanen ligg Tysse i område merka som bustadområde. Dette er det teke omsyn til i kostnadsoppsettet til ABO som er vist nedanfor. Det er teke utgangspunkt i skissa nedanfor, som berre er ei prinsipiell volumskisse og ikkje ei planløyning. Skissa byggjer på nyleg bygd brannstasjon på Fitjar der det er lagt til rette for 1 vasstankbil, mannskapsbil, 1 befalsbil og 1 First responderbil i tillegg.

I tillegg kjem behov for 16 parkeringsplassar til mannskap.

Det er oppgitt forventa responstid frå dei ulike tomtealternativa i forhold til Samnangerheimen og Skottabakken.



Tidligkalkyle ny brannstasjon Samnanger

Dato 12.02.2023

Det er ikke medtatt kostnader for tomteervert og infrastruktur utenfor byggetomt i kostnadsoverslag.

Post	Tyssevegen 190	Tjoraklumpen	Nesodden
Forprosjekt inklusive regulering og tilbudsgrunnlag	kr 1 500 000	kr 1 500 000	kr 1 500 000
Totalentreprise bygg eks grunnarbeid	kr 13 317 000	kr 13 317 000	kr 13 317 000
Grunnarbeider	kr 4 000 000	kr 6 500 000	kr 3 000 000
Rivearbeider	kr 1 500 000	kr -	kr -
Tomtekostnad	Ikke medtatt	Ikke medtatt	Ikke medtatt
Generelle kostnader (se oppsett under)	kr 1 200 000	kr 1 200 000	kr 1 200 000
Spesielle kostnader (se oppsett under)	kr 1 600 000	kr 1 600 000	kr 1 600 000
Løst inventar og utstyr	kr 1 500 000	kr 1 500 000	kr 1 500 000
Uforutsett	kr 3 763 400	kr 3 963 400	kr 3 263 400
Budsjett eks mva	kr 28 380 400	kr 29 580 400	kr 25 380 400

Budsjettpris er å forstå som februar 2023 prisar, det er ikkje berekna LPS då byggetid ikkje er kjent.

Generelle kostnader	
PL	500 000
Interne kostnader SK	500 000
Annet	200 000

Spesielle kostnader	
Byggesaksgebyr	50 000
Tilknytningsavgifter vann og avløp	150 000
Anleggsbidrag nettstasjon	1 000 000
Uavhengig kontroll prosjektering og utførelse	200 000
Annet	200 000

LPS=lønns- og prisvekst PL=prosjektleder/byggeleder

1. Tyssevegen 190

Tomt 27/57,73 er 1310 m²

Tilleggstomt i vest 27/131 er 1336 m² og 27/130 er 129 m²


Eigar: Samnanger kommune

Reguleringsstatus: uregulert, sett av til bustad i gjeldande kommuneplan


Responstid: 13,54 min



Figur 1 Utsnitt frå google.maps



Figur 2 Kartutsnitt som viser eigedomane som kommunen eig



Figur 3 Kartutsnitt som viser bustadføremål i kommuneplanens arealdel

Illustrasjonsplanen under viser forslag til plassering av brannstasjon på tomta. Det vil ikkje vere mogeleg å etablere parkeringsplassar for menneskap på tomta. Dette må eventuelt løysast på nabolomt i vest.



Figur 4 Illustrasjonsplan som viser forslag til plassering av ny brannstasjon Tyssevegen 190

Heile bygningsmassen vil kome innanfor byggegrense til fv 5132. Det vil også vere behov for å nytte vegen for manøvrering av større køyretøy. Etablering av brannstasjon vil krevje dispensasjon frå fylket.

Terrenget i aust er svært bratt. På skissa under er eksisterande bygningsmasse vist med gul stipling. Nytt anlegg krev at ein går djupare inn i terrenget i søraust. Det er ikkje gjort vurderingar i forhold til knytt til dette.



Figur 5 Illustrasjon som viser plassering av ny brannstasjon og eksisterande bygningsmasse med gul stipling

Oppsummering Tyssevegen 190:

Tyssevegen 190 er ei smal tomt tett på fylkesveg i vest og med bratt terreng i bakkant i aust. Det vil vere vanskeleg å etablere ein tenleg stasjon utan å gå ytterlegare inn i terrenget mot aust og mot nabo på 27/79.

Det vil vere nødvendig å nytte fylkesveg til manøvrering av større køyretøy og det er ikkje areal til parkering for mannskap innanfor eigedom Tyssevegen 190. Parkering kan truleg løysast på alt opparbeida areal på vestsida av vegen.

2. Tjoraklumpen

Tomt 24/182 (1,046 m²)

Eigar: Edel Olufine Gjerde (1/4), Magnar Gjerde (1/4), Steinar Gjerde (1/4), Anlaug Midtbø (1/4)

Tomt 24/12 (995 m²)

Eigar: Vidar Gjerde

Tilleggstomt i vest 24/15 (485 m²)

Eigar: Vestland fylkeskommune

Reguleringsstatus for alle tre eigedomane: Arealet er del av reguleringsplan for Gjerde, planid 12421989002, men det er gjort vedtak om at kommunalplanens arealdel skal gjelde framfor reguleringsplanen. I gjeldande arealplan er området sett av til parkering.

Responstid: 8,09 min



Figur 6 Utsnitt frå google.maps som viser situasjon mot aust og mot vest



Figur 7 Flyfoto der tomte er markert med raud sirkel



Figur 8 Kartutsnitt som viser Vestland fylke sin eigedom i vest 24/15 og private eigarar 24/12 og 24/182 i aust




Figur 9 Areal sett av til parkering vist med blå markering

Illustrasjonsplanen under viser forslag til plassering av brannstasjon på tomta. Skissa viser 10 parkeringsplassar, der om lag halvparten er plassert på Vestland fylke si tomt i vest. Bygget ligg 25 meter frå fylkesveg i sør og tett på fylkeveg i nord. Nødvendige støttemurar må plasserast nærare fylkesvegen. Det er såleis nødvendig med dispensasjon både for byggegrense mot fv49 og mot fv 5132.

Det vil også vere nødvendig med mur mot veg til Steinslandsfjæra.

Massane på staden er i stor grad lagt her då tunnelen vart fjerna. Stabiliteten på massane er ikkje sjekka ut med omsyn til fare for setningar.




Figur 10 Illustrasjon som viser plassering av brannstasjon Tjoraklumpen

Oppsummering Tjoraklumpen:

Tjoraklumpen ligg gunstig til i forhold til responstid. Det er plass til å manøvrere større kjøretøy inne på arealet, men vanskeleg å oppfylle kravet om 16 parkeringsplassar. Ved å ta i bruk fylket sitt areal i vest får ein plass til 10 parkeringsplassar.

Det er nødvendig med dispensasjon frå byggegrense fylkesveg, både fv 49 og fv 5132.

Ved fjerning av tunnel i nord vart massane lagt her. Stabiliteten til massane er ikkje vurdert i forhold til stabilitet.



Figur 10 Illustrasjon som viser plassering av brannstasjon Tjoraklumpen

Oppsummering Tjoraklumpen:

Tjoraklumpen ligg gunstig til i forhold til responstid. Det er plass til å manøvrere større kjøretøy inne på arealet, men vanskeleg å oppfylle kravet om 16 parkeringsplassar. Ved å ta i bruk fylket sitt areal i vest får ein plass til 10 parkeringsplassar.

Det er nødvendig med dispensasjon frå byggegrense fylkesveg, både fv 49 og fv 5132.

Ved fjerning av tunnel i nord vart massane lagt her. Stabiliteten til massane er ikkje vurdert i forhold til stabilitet.

Vurdering og konsekvesar:

Responstid

Både stasjonen på Tysse og ein eventuell stasjon på Tjoraklumpen ligg innanfor responstida for 10 minutts-objekt og 20 minutts-objekt. Samnangerheimen og bustadkonsentrasjonen til framtidias brannmannskap bør vera førande for lokaliseringa av tomteval til ein framtidig brannstasjon. I tillegg bør det og takast omsyn til rask responstid til konsentrasjonen av innbyggjarar i inst fjorden og hendingar.

Arealbehov

Både arealet på Tysse og Tjoraklumpen er for knapt til det volumet som trengst til ein ny og framtidig brannstasjon. Ei rekkje føresetnader med dispensasjonar frå vegmyndigheit, regulering og grunnverv må verte oppfylt. Volumet i eksempla her er eit minimumsvolum. Arealet som er tilgjengeleg gjev difor lite høve for eventuell utviding eller justeringar på bygget dersom det vert nye framtidige lovkrav eller krav om auka beredskap.

Ein framtidig brannstasjon bør og ha tilstrekkeleg med utanomhusareal. Både trafiksikkerheit og HMS-krav skal vere i tråd med gjeldande reglar. På Tysse er det uheldig å ha parkering på kvar side av fylkesvegen. Det er ikkje areal til øvingsaktivitet for mannskapet eller ute-/vaskeplass til brannbilane.

Kostnad

For begge tomtealternativa er det knytt relativt stor usikkerheit til kostnadane med å opparbeide tomtene.

For Tjorakumpen er kostnad med grunnvervet ikkje teken med i kostnadskalkylen og er ein usikker kostnad. Det må og verte utarbeidd geologisk rapport for tomte og store sikringsmengder som kan gje høge kostnader.

For Tysse må det og verte utarbeidd geologisk rapport som kan gje kostnader med sikringsmengder for fjellet bak dagens brannstasjon.

I økonomiperioden er det sett av ca. 5,6 mnok til brannstasjon. Summen vart sett for ei tid tilbake og var då var tenkt til modular for ei mellombels stasjon.

Tidsperspektiv/framdriftsplan

Løysinga for ein framtidig brannstasjon kan t.d. peike på to retningar. Den eine er å reparere på eksisterande stasjon på Tysse, med inntil summen på 5,6 mnok som er avsett i økonomiplanen. Det er ikkje særleg økonomisk å bruke ein såpass stor sum på å fikse på eit bygg som i utgangspunktet er dårleg. Ein føresetnad i forslaget vert å bruke tida til å planlegge for ny stasjon gjennom samfunnsplanen og sette av framtidig tomt i revisjonsarbeidet av arealplanen. Dette arbeidet ligg til nytt kommunestyre og noko fram i tid i neste valperiode.

Den andre retninga er å ikkje gå vidare med desse to tomtene som framtidig brannstasjon for Samnanger. Prosjektgruppa tilrår denne løysinga og ønskjer å vurdere andre tomtealternativ. Verneombodet tilrår difor å gå for mindre avbøtande tiltak på Tysse, og mandat å finne fram til ny lokalisering og bygging av ny stasjon.

Midlertidige tiltak som er foreslått i den noverande brannstasjonen i Tyssevegen 190:

- senke golv i venstre del av garasjen
- heve dørøpning i venstre del av garasjen
- slå saman portar i vestre del og sette inn rulleport – dvs. flytte ein stor bil i kvar del av stasjonen
- vurdere lettvegg mellom garderobe og garasje
- ekstratiltak for å hindre vassintrenging/drenere (male og soppbehandle)
- sette inn fleire hyller/reolar
- skifte belysning og nye punkt
- garderobeinnreiing for utrykkingskle og reine kle, tørketrommel
- nytt golvdekke
- fleire dusjar
- tilgang til treningsrom ein anna stad

Dei mellombelse tiltaka kan kostnadsreknast til om lag inntil 1,5–2 millionar, og kan finansierast med avsette midlar i økonomiplanen til brannstasjon i 2023.

Prosjektgruppa ber om mandat til å arbeide fram forslag på andre tomter som kan vera eigna som framtidig brannstasjon. Tomtene må vere i tråd med responstida til 10 minutt-objekta og til 20 minutt-objekta.

Prosjektgruppa får mandat til å utarbeide planteikning for ein framtidig brannstasjon.

Rådmannen ønskjer i tillegg å få vurdert kjøp av nabobygget, Røde Kors-bygget, og ombygge dette til brannstasjon.

Kostnadskalkyle for tomt med stasjon, eventuell ombygging av brannstasjonen på Tysse og tomteforslag vert innarbeid i økonomiplanen for perioden 2024-2027.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø	Arkivkode: FA-F47
Arkivsaksnr: 20/605	Løpenr: 23/1400
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	23.02.2023	008/2023

Avvikling av barnevernutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune avviklar barnevernutvalet frå og med 23.02.23, jf. *Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune* datert. 20.10.22 (sak KS-065/2022).

Dokument som er vedlagt:

Vedteke i KS 20.10.2022 - Reviderte retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune (2)
Avtale om veiledning i kvalitetsutvikling mellom Bufdir og Samnanger kommune
Saksframlegg med vedtak - Endringar i Retningslinjer for barnevernutvalet_
Samnanger kommune - notat frå barnevernsutvalet v Geir Kjell Andersland, leiar

Dokument som ikkje er vedlagt:

Mål og retningslinjer for barnevernet

Oppsummering:

Samnanger kommune vedtok i kommunestyret 25.02.21 oppretting av barnevernsutval gjennom *Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune*.

Kommunen har 02.02.23 motteke tilbod og takka ja til rettleiing i kvalitetsutvikling frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) sitt rettleiingsteam i perioden april 2023 og ut 2024.

Barnevernsutvalet v/ leiar Geir Kjell Andersland har på grunnlag av dette fremja forslag til kommunestyret om at barnevernsutvalet i Samnanger kommune vert avvikla.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Samnanger kommune vedtak i KS 25.02.21 *Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger*

kommune. Retningslinjene vart reviderte i KS 20.10.2022. Føremålet i retningslinja seier:

Samnanger kommune har eit barnevernsutval som kan gje barnevernet råd i saker som kan førebyggja at barn og unge vert utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Utvalet skal gje råd i vanskelege saker (jf. «Mål og retningslinjer for barnevernet»). Primært gjeld det saker som kan medføre tvangstiltak. Utvalet har ikkje vedtaksmynde.

Vidare seier retningslinja følgande:

I tillegg vert det halde eitt møte kvart halvår der rådmann, kommunalsjef, barnevernsleiar og barnevernsutvalet tek del. Rådmannen kallar inn. Føremålet er overordna dialog. Det skal også haldast tre faste møte kvart halvår der barnevernsleiar (og øvrige barnevernstilsette etter avtale) møter saman med barnevernsutvalet. Hovudføremålet med desse møta er systematisk utvikling av barnevernet i Samnanger. Barnevernsleiar kallar inn.

Samnanger kommune har orientert utvalsleiar om rettleiingsavtalen som er inngått mellom Bufdir og kommunen, og tilbakemeldinga frå leiaren er at han saman med dei øvrige utvalsmedlemmane finn at utvalet difor bør vurderast avvikla då kvalitetsutvikling av barnevernet no vert godt ivareteke av Bufdir og rettleiingsprogrammet deira. Utvalsleiar uttaler følgande i notat sendt til kommunestyret 13.02.23:

Det grep som kommunen med dette har gjort for å møte de store utfordringer kommunens barneverntjeneste står overfor, fremstår ambisiøst, offensivt og overbevisende.

Men i lys av avtalens formål, arbeidsoppgaver og prosess, et det barnevernutvalgets vurdering at behovet for dette utvalget dermed har falt bort. Det blir både kunstig og vanskelig for kommunens barnevernsleder å skulle forholde seg til barnevernutvalget parallelt med den veiledningsprosessen som nå aktivt skal foregå. Det er også vanskelig å se hvordan barnevernutvalget skal forholde seg til Bufdir i denne sammenhengen.

Utvalget vil på denne bakgrunn anbefale at kommunestyret, som har opprettet utvalget, nå vedtar å avvikle barnevernutvalget med henvisning til den nye veiledningsavtalen med Bufdir. Barnevernutvalget ønsker Samnanger kommune og kommunens barneverntjeneste all lykke til videre i dette så vanskelige og viktige arbeidet.

Barnevernsutvalet si oppgåve med å gje råd i vanskelege saker som kan førebyggja omsorgssvikt eller utvikling av åtferdsproblem vil også kunne ivaretakast gjennom kvalitetsutviklingsrettleiinga som Bufdir tilbyr. Samnanger kommune har hatt få saker relatert til føremålet kor barnevernsutvalet vert aktivert. I 2021 var det èi drøftingssak, ei i 2022, og to saker i 2023. Barnevernsleiar i Samnanger kommune har moglegheit til å søkje juridisk råd hjå advokat (kompetanseområde barnevernslova) som bistår kommunen på barnevernsområdet i saker som kan medføre tvangstiltak (jf. føremålsteksten).

I sak om reviderte *Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune 20.10.22* vart det vedteke at barnevernsutvalet skulle evaluerast i løpet av vårhalvåret 2024 i staden for *etter ei prøveordning med varigheit på 2 år* (teljande frå 25.02.21, jf. KS-008/2021). Årsak til utsetjing av evalueringstidspunkt var at det hadde vore så få saker kor utvalet hadde blitt aktivert at det ikkje låg føre erfaringsgrunnlag.

Frå rettleiingsprogrammet – Bufdir:

Målet for rettleiinga er å styrke leiarkompetansen i kommunen og få på plass system, rutinar og arbeidsformer som møter utfordringane i tenesta for å utvikle praksis og oppnå betre resultat. Vidare skal kommuneleiinga og barnevernsleiar støttast i å drive utviklingsarbeid slik at barnevernstenesta utviklar praksis. Rettleiinga skal bidra til at kommuneleiinga og barnevernsleiar sjølv kan drive utviklingsarbeid i eiga verksemd og evaluere eigen praksis. Utviklingsarbeidet i kommunen skal ha

langsiktig perspektiv utover avtaleperioden og bygge kompetanse, kapasitet og berekraft.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Rådmannen si vurdering er at rettleiingsprogrammet frå Bufdir vil vere tilstrekkeleg for å utvikle kommunen sitt barnevern. Føremålet i *Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune* har vore lite aktualisert grunna få saker. Det vil i større grad vere eit heilskapleg utviklingsperspektiv for barneverntenesta som er vesentleg å vektlegge framover. Utvalet v/ leiar Andersland oppmodar på dette grunnlaget om at barnevernsutvalet bør avviklast.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Det er rådmannen si vurdering at rettleiingsavtalen med Bufdir er både omfattande og spissa i retning av å kunne utvikle barneverntenesta vår i tida som kjem. Bufdir sit på omfattande fagkompetanse, og det er i Samnanger kommune si interesse å få ta del i denne.

Barnevernsutvalet si vurdering av at behovet for utvalet no fell vekk vert støtta av rådmannen. Det er viktig for Samnanger kommune å ha ulike ressursar som kan støtte ei til dels sårbar teneste i utviklinga. Det opplever me at me får både gjennom avtalen med Bufdir, rådgjeving med Statsforvaltaren i Vestland, juridisk rådgjeving frå advokat (barnevernspraksis), rådgjevingstilgong til utvalsmedlem Tommy Thompson og i ulike regionale treffpunkt.

Det viktigaste er likevel at kjernekompetansen må byggjast i tenesta. Det er tilsett ny barnevernsleiar med oppstart ca. 1. mai. I tillegg er det tilsett 2 nye sakshandsamarar frå 2023. Rådmannen har i tillegg fått i oppdrag av kommunestyret å greie ut moglegheit for å motvirke relativ fattigdom. I den samanheng vert også barnevernstenesta sine arbeidsmetodar viktige. Dette vil komme til uttrykk gjennom arbeid med førebyggjande plan i tenesta.

Konsekvensar:

Budsjetterte kostnader til utvalet i 2023 på ca. kr. 100 000,- vil falle vekk. Samstundes er utvalet si rolle knytt til moglege aktuelle problemstillingar slik at reelle kostnader fort kan verte høgare. Ved at det også i 2022 vart lagt inn systematiske utviklingsmøte er det sannsynleg at kostnadsbiletet ville kunne overstige budsjettert sum.

Det er sannsynleg at dei ressursar som no vert stilt til rådvelde, m.a. frå Bufdir, vil føre til at barnevernstenesta skal vere godt skodd framover. Det vil såleis ikkje vere truleg at det vert svekka kompetanse inn i tenesta ved at barnevernsutvalet vert avvikla.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret avviklar barnevernsutvalet i tråd med innstilling frå utvalet v/ leiar Andersland. Barnevernstenesta vil med rettleiing frå Bufdir (avtale omtala over) kunne ta tak i ulike naudsynte utviklingsområde for å styrke tenesta framover.

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Bodil Helliesen Øpstebø	Arkivkode: FA-B44
Arkivsaksnr: 20/140	Løpenr: 23/724
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	012/2023
Kommunestyret	23.02.2023	009/2023

Vurdering av gratis skulemat ved Samnanger ungdomsskule**09.02.2023 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Skulemat, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet

Forslag til Gratis skolemat.

Det skal fra høsten 2023 innføres gratis skolelunch til elevene ved Samnanger Ungdomsskule minimum 2 ganger i uken. I tillegg skal det fra høsten 2023 innføres gratis frokost hver dag på Ungdomsskolen.

Skolelunchen og frokost skal finansieres som følger;

KIWI og SPAR leverer matsvinn til redusert pris, dvs mat som er i ferd med å gå ut på dato. Bjørkheim kro og Milano skal også forespørres.

Resten tas av disposisjonsfondet

FRP 9/02-23

Handsaming:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Undervegs i handsaminga justerte Odd Arne Haga framlegget sitt, til berre å gjelda gratis skulelunsj 2 gongar i veka.

I røystinga vart det justerte framlegget til Odd Arne Haga sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget til rådmannen fekk 5 røyster og vart vedteke. Framlegget til Odd Arne Haga fekk 4 røyster.

For rådmannen sitt framlegg	For Odd Arne Haga sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Øyvind Røen (Sp)	Lena Tveit (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Jon Magne Bogevik (Ap)	Gunn Totland Moss (KrF)

FORM- 012/2023 Vedtak:

Kommunestyret tek vurderinga til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek vurderinga til orientering.

Saksopplysningar:

I kommunestyret 08.12.2022 vart det gjort vedtak om vurdering av tilbod om gratis skulemat, kommunestyresak 079/2022 – *Budsjett og økonomiplan 2023–2026*:

G. Skulemat

Rådmannen legg fram sak der ein vurderer å gje elevane på ungdomsskulen gratis lunsj to dagar i veka og frukost kvar dag. Saka vert fremja for kommunestyret i februar.

Nasjonal forskning om skulemat

Det vart i januar 2022 publisert ein rapport frå FHI om gratis skulemat i ungdomsskulen. Det er ei nasjonal kartlegging av skulematordningar og utprøving av ein enkel modell med eit varmt måltid. Rapporten kan du lesa her [Gratis skulemat i ungdomsskolen](#). FHI ynskte å prøve ut om det er praktisk mogeleg å førebu og tilby eit varmt måltid ved ungdomsskular ved bruk av eksisterande fasilitetar, samt å kartlegge omfanget av skulematordningar ved norske ungdomsskular.

Gratis skulemat (det vil seie eit måltid utan elev- eller foreldrebetaling) vert av mange sett på som eit tiltak som kan løyse fleire utfordringar i samfunnet relatert til kosthald, trivsel og læring, sosial ulikskap og miljø. Sjølv om det i Noreg er ein tradisjon for å ta med mat heimefrå er det fleire elevar som ikkje har gode spisevanar på skuledagar. Utfordringane med eit gratis skulemåltid til alle skuleelevar er blant anna store kostnader knytt til investeringar og drift.

Rapporten viser at om lag kvar sjette ungdomsskule i 2020 hadde ei form for skulematordning, medan det berre var eit tilbod om gratis skulemat kvar dag ved 6 % av skulane.

Helsedirektoratet har forska på trivsel i skulen, medrekna skulemat, og publiserte i 2015 rapporten [Trivsel i skolen](#). Der står det blant anna:

«Skulemåltidet kan fremme helse, trivsel og læring (Sosial- og helsedepartementet 2003). Et sunt kosthold henger også sammen med bedre skoleprestasjoner, og konsentrasjon og bedret psykisk helse Samdal et al. 2008). Skulemåltidet er viktig for at elever skal ha muligheten til å opprettholde konsentrasjon, læringsvilje og humør. Det har også blitt dokumentert sammenhenger mellom ernæringsmessige inntak og skoleprestasjoner (Florence, Asbridge & Veugelers, 2008).

I Norge er det vanlig at elevene har med ferdigsmurt matpakke på skolen. I andre europeiske land, som for eksempel i Sverige, får elevene servert et varmt måltid. Noen skoler i Norge har testet ut ulike løsninger med servering på skolen, og hvordan dette påvirker skolehverdagen for elevene og de ansatte på skolen (Haugset & Nossun, 2008). For eksempel er pådekkede fellesmåltider hyggelige og kan fremme et godt sosialt miljø, men de er krevende å gjennomføre da noen må ta ansvar for både tillaging og ryddig. For å ivareta måltidets sosiale funksjon er det nødvendig at det er fysisk tilrettelagt for felles spising og avsatt tilstrekkelig tid for at trivsel oppnås (sosial- og helsedirektoratet, 2003). Læreren kan i måltidsituasjoner ha mulighet for å bygge sosiale relasjoner med elevene og bidra med sunne holdninger knyttet til mat og spising (Haugset & Nossun, 2013)».

Det er òg gjort andre mindre norske studium om skulemåltid:

[Elever foretrakk brødskiver](#) Publisert 02.10.2020

«Flere elever spiste lunsj når de fikk servert skolemat, i følge en studie fra Trøndelag. Men det var bare noen typer mat som fikk elevene til å spise til å spise mer»

[Den norske matpakka skaper forskjeller.](#) Publisert 11.04.2019.

«Forsker har intervjuet minoritetsbarn og barn fra fattige familier. Flere av barna i studien skammer seg over matpakka de har med seg på skolen»

[Skolemat utjevner sosiale forskjeller](#) Publisert 28.07.2019.

«En forskningsrapport fra Universitet i Agder sier at gratis skolemat utjevner sosiale forskjeller mellom elever.»

Praksiseksempel og erfaringar frå andre skular i Noreg:

Bodø kommune:

Kommune har i 2021 og 2022 hatt pilotforsøk med gratis skulemat på 5 skular og dei oppsummerer følgjande i ei evaluering:

«Piloten forsøkte ut både servert ferdigmat og tilberedning selv. Evalueringen viste at elevene var mest fornøyd der de tilberedte maten selv. Skoler som tilberedte maten selv fikk tilført ressurs til personal, 15-20 % stilling. Piloten viste oss at det ikke var realistisk å få levert ferdigmat til skoler i distriktet innenfor tildelt ressurs. Prisen på Skjerstad var for høy – Bodø bakeri kunne levere med kjørekostnader på kr 1200 per måltid mens lokale leverandører kunne levere til kr 50 per elev per måltid, pluss kjøring.

Evalueringen viste at der eksisterende personal ble brukt til mat i skolen, var slitasjen stor og tilbakemelding på at skolene måtte få tilført ressurser.

Evalueringen viste at intensjonen med mat i skolen ble godt tatt imot ute på skolene, men at det var stor usikkerhet og bekymring for at det ikke vil følge med ressurser.

Positive erfaringer gjort i piloten, fra de voksne var: elever som spiser lite, spiser mer med mat i skole - elever som skolen vet ikke spiser frokost får i seg mat før skoleslutt - elevene får i seg sunn mat - elevene virker fornøyd, mange spiste mye - skolene som laget maten selv, hadde generelt bedre erfaringer og mindre svinn - sosialt ved å gjøre noe sammen. Fellesskap. Spesielt skolene som laget maten selv.

Positive erfaringer gjort i piloten, fra elevene: «bedre tid om morgenen, mindre stress - gratis mat - mer pålegg å velge i - spiser med venner - bedre mat på skolen - bedre plass i sekken - mer variert mat enn hjemme - vi fikk mat selv om vi glemte matpakka hjemme»

Stortangen skole i Lierne kommune:

Skulen har hatt skulemat i 18 år. Elevane vert samla trinnvis i matsalen kor dei hentar mat frå ein buffé med sunn norsk brødmatt. Ein dag i veka vert det servert varm mat. Sjølv organiseringa vert gjort av ein frå skulen sin stab (kommunen har avsatt eigen ressurs til skulemat) og med hjelp frå ei vekstbedrift i kommunen. Finansiering vert gjort gjennom at kommunen gjev fem assistenttimar i veka og ei abonnementsordning hos foreldra.

Eidebakken skole i Lyngen kommune:

Skulen har hatt gratis skulemat sidan 2013, som ein del av ei satsing på å bedra levevilkåra i kommunen. Det starta som ei forsøksordning, men er vorte permanent etter tre år. Føresetnaden er at kommunen set av pengar. Organiseringa og finansiering skjer gjennom ein assistentstilling som vert omgjort til stilling innan skulemat. Elevane smørar maten sjølv. At ikkje skolen har storkjøkken set avgrensninger i tilbodet, blant anna at det ikkje er mogeleg å servera frukost.

Her kan ein finne fleire [Praksiseksempel frå Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet](#)

Status skulemat ved Samnanger ungdomsskule pr. i dag

Det vert servert eit varmt måltid i veka med smårettar som pizza bagett, gryterett, osteskiver, pizza osv. Assistent og elevlar står for dette.

I tillegg prøver dei å gjennomføra ca 2 felleslunsjar i semesteret gjerne knyta til temadagar som t.d psykisk helsedag i oktober, julegraut osv. I tillegg har kantina alltid grovt knekkebrød og kvit ost tilgjengeleg til elevane for kr 5 pr. stk. samstundes som det også er sal av meieriprodukt.

Kort oppsummering:

Det er kome ynskje om å gje gratis skulemat til elevane ved ungdomsskulen. Det kan la seg gjera med lunsj 2 dagar pr. veke. For ungdomsskulen vil det vera utfordrande å få tid til noko ordinært frukostmåltid då det er kort tid mellom bussane kjem og skulestart.

Det er praktisk mogeleg å få til gratis skulemåltid ved Samnanger ungdomsskule, 8. – 10. trinn, 2 dagar i veka med variasjon av smøremåltid/buffé/varmmat til lunsj.

Politikarane må løyva midlar til mat og personell, samt noko til opprusting av kjøkkenet bak kantina.

Frukost kvar dag ser ein vil krevja tid, personell, organisering og mykje meir innkjøp, rydding, oppvask ol. Meir plass til oppbevaring av mat. Fleire kjøleskap. Mykje meir handling for å ha brød og liknande.

Det er ein usikkerhet til lokalitetane til auka produksjon og krav til retningsliner dersom det skal lages og serverast varm mat.

Uttalar frå andre:

Mattilsynet har lovverk og retningsliner for drift av matsservering i barnehage, SFO og kantine.

<https://www.mattilsynet.no/mat/matsservering/lokaler-utstyr-innredning#kap-2-eget-omrde-for-matlagning>

Vurderingar og konsekvensar:

Bygningsmessige forhold, fasilitetar og andre rammer

Ungdomsskulen har i dag kantina som er oppussa med enkle små ressursar i eit bygg frå 1960 talet.

Det er eit bakrom som fungerer som «kjøkken» med komfyr, kjøleskap og husholdingsoppvaskmaskin. Her er det naudsynt med oppgradering.

Skulekjøkkenet vert nytta til matlagning av varm mat. Dette rommet er oppteke til skulekjøkkenundervisning to dagar i veka.

Investering

«Kantinekjøkkenet» må moderniserast og byggjast opp med tanke på auka kantinedrift med ventilator, ny kjøkkeninnreiing med vask og maskiner som er tenlege og som har skilje mellom rein og skiten sone. Stipulerte kostnader:

- Kjøkkeninnreiing, nye elektriske punkt, røyr som må fornyast estimert til totalt kr 300 000.
- Industrikjøleskap for å kunne lagra og oppbevara for opna og uopna mat ca kr 75 000. (adskilt)

Krav til hygiene/smittevern, utstyr og HMS skal vera forsvarlege og Mattilsynet har retningsliner.

Personal

Det vil vera behov for eige, ekstra personell om skulen skal organisera skulemåltid for elevane på ungdomstrinnet. Personell vil ha ansvar for å ta seg av planlegging av innkjøp, bestilling og lagerføring, gjennomføring av lunsjservering og rydding etterpå, samt følgja opp hygienisk krav til kantinedrift. Ut frå erfaringar frå andre skular og forskning er det naudsynt med dedikert personell for organisering av det praktiske og administrasjon av ordninga.

For Samnanger ungdomsskule vil det krevja ekstra bemanning, minimum 25 % stilling då det er avstand til butikk og innkjøp. Ein satsar på vidareføring av godt samarbeid med det private næringsliv/butikkane i kommunen for å minka matsvinn og driva berekraftig i tråd med lokale satsingar.

Sakshandsamar har vore i kontakt med einingsleirar for Samnangerheimen og dei har moglegheit til å levera varm lunsj ein gong i veka pris pr. elev kr 60 = kr 5400 pr. veke x 38 veke = Kr 205 200 pr. år

Økonomi

Ved gjennomgang av ulike ordningar og organisering av gratis skulemåltid på andre skular i Noreg har ein funne Bodø kommune som ein kommune som nyleg har vurdert ei ordning med smøremåltid og kostnaden ved dette. Utrekning av økonomiske konsekvensar er difor gjort med bakgrunn frå Bodø kommune sine berekningar til kjøp av mat og ekstra personell. Bodø kommune reknar at det kostar kr. 35,50 pr. elev pr. dag. Dette er basert på kr 434.100 pr. år. i utgifter til personell, inkl. feriepengar, pensjonsavgift, arbeidsgjevaravgift og kostnaden til kjøp av matvarer.

Alt 1: 2 lunsjar og 5 frukostar

Samnanger ungdomsskule får inntil kr 451 000 til organisering/servering av mat ved start av skuledagen 5 dagar i veka og 2 lunsjar i veka.

Enkel frukost kan til dømes vera ferdigpakka knekkebrød i klasserommet og noko oppdelt frukt og vatn inne i klasserommet i starten av 1. time mens ein samtalar om aktuelt tema i nyheitsbilete/filmsnutt som intro til tema osv,- då ein brukar tid frå undervisningstimen.

Prisoverslag:

Frukost: Frukt pr klasse	kr 100 x 6 klassar x 190 dagar	kr 114 000 på årsbasis
Frukost: Porsjons knekkebrød	kr 13 x 190 dagar x 90 elevar	kr 222 000 på årsbasis
Lunsj: To enkle varme måltid i veka basert på gode tilbod, men laga av valfag og assistent.	Matutgifter to dagar med lunsj Kr 50 000 ligg i budsjettet	kr 50 000 på årsbasis
Personal - auke assistent 9 % stilling, då 16% ligg i budsjettet	innkjøp, matlaging, tilrettelegging, reinhald	kr 65 000 inkl. sosiale utgifter
Her brukar ein skulekjøkken til matlaging. Drikke har ein berre kalkulert med vatn.		Kr 451 000

I tillegg treng ein eit nytt industrikjøleskap kr 40 000 berekna på litt større kvanta. Fryseboks har skulen.

Alt 2: Utan frukost 2 lunsjar, 1 i samarbeid med Samnangerheimen

Samnangerheimen har sagt ja til at dei kan laga varm lunsj ein dag i veka til kr 60 pr. person

Samnangerheimen	90 elevar x kr 60 x 38 veker	Kr 205 200
Lunsj: Eit enkelt varmt måltid i	Matutgifter ein dag med	kr 50 000 på årsbasis

veka basert på gode tilbod, men laga av valfag og assistent slik som i dag	lunsj laga av elevar og tilsett.	
Personal - assistent 9 % stilling	innkjøp, matlaging, tilrettelegging, reinhald	kr 65 000 inkl. sosiale utgifter
		Kr 320 000

Alt 3: Utan frukost 2 lunsjar laga på skulen

Lunsj: To enkle varme måltid i veka basert på gode tilbod, men laga av valfag og assistent.	Matutgifte to dagar med lunsj	kr 50 000 på årsbasis
Personal - assistent 9 % stilling Då 16% ligg i budsjettet	innkjøp, matlaging, tilrettelegging, reinhald	kr 65 000 inkl. sosiale utgifter
		Kr 115 000

Skal ein utvida med buffé til frukost må ein leggja om skuledagen om det er mogleg med Skyss og timeplan. Då er det også naudsynt å oppgradera «kjøkkenet» bak i kantina, meir bruk av elevar og personale til rydding og oppvask. Storhusholdningsoppvaksmaskin under benk vil kosta ca kr 40 000.

Rådmannen rår til at kommunestyret tek vurderinga til orientering, og at det på noverande tidspunkt ikkje vert vedteke å velje nokon av alternativa. Årsak er at det ikkje er tilgjengeleg finansieringsgrunnlag innanfor sektoren si ramme. Sektoren skal i løpet av 2023 søkje å redusere kostnader, jf. budsjettvedtak 2023. Ein bør også vere varsam med å ta inn nye tiltak som til dømes vert finansiert ved hjelp av disposisjonsfondet og som driv kostnadane oppover.

Oppsummering

Forsking viser at skulemat kan utjevna sosial ulikskap, kan vera miljøskapande og kan påverke at dei som ikkje har matpakke med på skulen i dag får eit skulemåltid. Men som forsøket til Folkehelseinstituttet viser er det vanskeleg å påverke gjennom mat i skulen at elevane får eit sunnare kosthald. Forskinga viser at det bør setjast av personalressursar til dette for at skulematordning skal fungera. Det bør òg vera eit visst nivå kvalitetsmessig på måltidet. Utfordringa med eit gratis skulemåltid er store kostnader knytt til investeringar og særleg drift.

Tidsrommet for servering er 30 minutt pr. dag og det må difor verta lagt til rette for rask og effektiv distribusjon. Logistikken må vera godt organisert for å rekke over ca. 90 elevar i løpet av friminuttet. Det er praktisk mogeleg å få til skulemåltid ved Samnanger ungdomsskule, 8. – 10. trinn, 2 dagar i veka med variasjon av smøremåltid/buffé/varmmat.

Frukost kvar dag ser ein vil krevja tid, organisering og mykje meir innkjøp, rydding, oppvask ol. Meir plass til oppbevaring av mat. Fleire kjøleskap. Mykje meir handling for å ha brød og liknande.

For ungdomsskulen vil det vera utfordrande å få tid til noko ordinært frukostmåltid då det er kort tid mellom bussane kjem og skulestart.

Rådmannen rår til at vurdering av alternativ vert tatt til orientering, men at det på noverande tidspunkt ikkje vert gjort vedtak om å igongsetje nokon av alternativa. Hovudgrunngeving for rådet er at det er vedteke generelle nedtrekk i budsjett 2023 som også omfattar oppvekstsektoren, og at det difor er krevjande å sjå at det er tilgjengeleg finansiering for nokon av alternativa. Rådmannen vil i det lengste søkje å halde drifta innanfor vedtekne rammer.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø	Arkivkode: FA-F30
Arkivsaksnr: 23/91	Løpenr: 23/768
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	004/2023
Kommunestyret	23.02.2023	010/2023

Busetjing av flyktningar 2023 - oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 004/2023 Vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek å ta imot og busetje 15 flyktningar i 2023. Talet inkluderer ikkje familiegjenforeiningar.
2. Samnanger kommune kan per no ikkje opne for ta imot fleire flyktningar enn dette i 2023 sjølv om behovet skulle auke, men vil gjere ei ny vurdering dersom det gjennom året kjem ei ny konkret oppmoding frå IMDi.
3. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottok til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta kan disponere.
4. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som følgjer med flyktningane som vert busette i Samnanger kommune.
5. Rådmannen skal jamnleg rapportere status for busetjinga, inkludert økonomi, til

kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek å ta imot og busette 15 flyktningar i 2023. Talet inkluderer ikkje familiegjenforeiningar.
2. Samnanger kommune kan per no ikkje opne for ta imot fleire flyktningar enn dette i 2023 sjølv om behovet skulle auke, men vil gjere ei ny vurdering dersom det gjennom året kjem ei ny konkret oppmoding frå IMDi.
3. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta kan disponere.
4. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som følgjer med flyktningane

som vert busette i Samnanger kommune.
5. Rådmannen skal jamnleg rapportere status for busetjinga, inkludert økonomi, til kommunestyret.

Dokument som er vedlagt:

Busetting av flyktningar 2022 - oppmodingstal frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)
Anmodning om bosetting 2023 - Samnanger kommune (3)

Dokument som ikkje er vedlagt:

Delegeringsreglement for Samnanger kommune

Oppsummering:

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) oppmoda i brev d. 25.11.22 Samnanger kommune om å busette 30 flyktningar i 2023. Flyktningstraumen frå Ukraina er venta å vere stor også i 2023, medan det også skal busettast flyktningar frå andre konfliktområde i verda.

Rådmannen har gjort ei evaluering på grunnlag av erfaringar i 2022 og rår til at Samnanger kommune samla sett kan ta på seg å busette inntil 15 flyktningar i 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Noreg har sidan mars 2022 handtert ein massefluktsituasjon utan sidestykke i vår tid. Den samla oppmodinga i 2022 for alle kommunane frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) var 35 000 flyktningar. Av dette busette Samnanger kommune 40 flyktningar, inkludert familiegjenforeiningar.

IMDi oppmodar kommunane om å ta i mot 35 000 flyktningar også i 2023. Samnanger kommune vert oppmoda om å busette 30 personar av desse. Det samla omfanget av flyktningar til Noreg er prega av uvisse og det kan bli både fleire eller færre, i hovudsak avhengig av utviklinga av krigen i Ukraina. Samstundes er det flyktningar frå andre konfliktområde i verda som også treng busetjing.

I avgjerda om kor mange flyktningar Samnanger kommune kan busette er det vesentleg å gjere vurderingar knytt til tilgong på bustadar samt kapasitet i dei kommunale tenestene. Erfaringar frå 2022 ligg til grunn for dette. I tillegg må me gjere vurderingar med omsyn til at flyktningar frå ulike delar av verda kan ha ulike behov som krev ulik ressursbruk frå kommunen.

IMDI ber om at kommunen fattar vedtak som er i tråd med oppmodinga – 30 flyktningar. Samstundes må ikkje vedtaket inkludere familieegjenforeining eller andre reservasjonar. Dei ber vidare om at kommunen gjer ei vurdering av kor mange fleire flyktningar (kor av einslege mindreårige) kommunen potensielt kan busette dersom behovet aukar. I tillegg ber dei om ei vurdering frå kommunen om kva som skal til for å oppretthalde ein høg kapasitet for busetjing i kommunen.

Det er kommunestyret som vedtek rammer for mottak/busetjing av flyktningar, jf. delegeringsreglementet pkt. 4.2 x).

Fakta grunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Samnanger kommune har gjort ein god jobb i 2022 med busetjing av 40 flyktningar. Det tok kort tid frå krigen i Ukraina braut ut 24. februar til det vart fatta vedtak om busetjing av 30 flyktningar i kommunestyret 7. april. Deretter kom det fortløpande flyktningar som vart busette. 28. juli vedtok formannskapet å busette ytterlegare 5 flyktningar.

Kommuneadministrasjonen var ikkje rigga for ei så stor og rask utfordring, men dei tilsette levte særskildt god innsats for å få dette til. Det har likevel vore utfordringar som til tider har gjeve store belastningar både på enkeltpersonar og tenesteområde som me no i 2023 må ta omsyn til når me skal planlegge for å ta imot fleire flyktningar.

Me veit per no ikkje tidspunkt for kva tid ev. nye flyktningar kjem, kvar dei kjem ifrå, ei heller kor mange. Likevel har me no eit betre erfaringsgrunnlag enn me hadde på same tid eit år tilbake. Det skal kunne gje oss fortrinn i planlegginga.

Uttalar frå andre:

I evalueringsarbeidet som vart gjort i forkant av vurdering for 2023 har rådmannen henta inn vurderingar og råd frå kommunalsjefane kor dei har drøfta eller henta inn grunnlag frå sine tenesteområde.

Skule

Vil kunne trenge meir kompetanse på språkopplæring/migrasjonspedagogikk. Språkopplæring og språkhjelp er naudsynt i starten. Kan utløyse behov for fleire tilsette. Dette avheng av delingstal. Det er god plass i skule til fleire elevar.

Barnehage

Har god plass til fleire barn. Samla barnetal styrer ev. behov for auke i personell (pedagog- og bemanningsnorm). Språkhjelp er vesentleg i starten for å tryggje barna.

Vaksenopplæringa

Vurdere å sjølv gjennomføre norskundervisninga og knyte denne opp mot ein av skulane. Behov for kvalifisert personell, min. 50 % stilling om det kjem fleire flyktningar. Dersom me skal organisere og drifte heile vaksenopplæringa sjølv vil det krevje om lag 150 % stilling, med undervisning på ulike nivå.

Kommunalsjef oppvekst samla vurdering

Dersom me klarer å gjere gode organiserings- og planleggingsgrep så bør me kunne ta imot ein god del flyktningar.

Helse

Kapasitetsutfordringar på legesida knytt til traumetesting ved 3-månadskontroll av flyktningar som kom i 2022, samt dei som ev. kjem i 2023. Ein kan forvente forverra helsesituasjon for flyktningar som kjem i 2023 fordi dei no har opplevd eit år med krig. Samla legeressurs må vurderast aukast opp.

NAV

Tenesta har hatt det særst travelt og krevjande i samband med mottak av flyktningar i 2022. 40 personar som skal ha oppfølging med vedtak, tilrettelegging og busetjing er ein stor auke i forhold til det nivået tenesta er rigga for. Vanskeleg å skaffe kvalifisert hjelp/vikarar. Dette har ført til sjukefråveret i tenesta. Treng èin ekstra tilsett i 2023 dersom mange nye flyktningar. Tilbakemeldingar frå innbyggjarar om tilgjengelege husvære som kan leigast tilseier at me skal kunne huse ca. 20 flyktningar, men dette er utanfor sentrale strøk. Det krev logistikk-løysingar.

Kommunalsjef helse og omsorg samla vurdering

Det er behov for gode planar og ROS-analyse for NAV-tenesta i forkant av mottak. Tilgong på husvære avgrensar moglegheitane til å busetje meir enn 20 flyktningar.

Kommunalsjef økonomi og organisasjon samla vurdering

Samnanger kommune bør kunne ta i mot min. 15 flyktningar i 2023.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Rådmannen si vurdering av samla tal flyktningar Samnanger kommune kan busetje i 2023 er 15. Grunnlag for dette er at me allereie har motteke 40 flyktningar i 2022 som framleis krev mykje oppfølging. 15 flyktningar kan verte endra med utgangspunkt i mogleg familegjenforeining for dei som kom i 2022, samt dei som ev. kjem i 2023.

Det er avgjerande for kvar og ein av flyktningane at me klarer å ivareta dei fram til at livet i stor grad normaliserer seg, og dei kan klare seg med mindre hjelp frå kommunen. Tenestene våre er relativt små og tilpassa stabile Samnanger-forhold over tid. Når me tek i mot eit ukjent tal flyktningar i ukjent alder vil dette på ulike vis påvirke tenestene våre. Vurderinga er at dette i størst mogleg grad må vektast positivt fordi det både er meiningsfullt for den einskilde flyktning som søker ei trygg hamn hjå oss, men også fordi det utviklar kommunen vår at det kjem nye flotte innbyggjarar til.

Somme av utfordringane me vil møte framover skal me søkje å planleggje for på best mogleg vis. Samstundes er det noko me ikkje har tilstrekkeleg oversikt over til å syte for i forkant. Då skal me la oss utfordre på å handle raskt og mest mogleg korrekt. Rådmannen tenkjer at når menneske flyktar frå krig så skal me som har moglegheit og fridom strekkje oss langt – og også tole noko ubehag – for å bidra til at me alle ein stad lenger framme i løypa saman skal kunne skape gode liv og eit godt lokalsamfunn.

IMDi oppmodar også kommunen om å vurdere kor mange fleire flyktningar (kor av einslege mindreårige) kommunen potensielt kan busetje i 2023 viss behovet aukar. Rådmannen si vurdering er at det er vanskeleg å svare på utover dei 15 me no melder tilbake. Løysinga må difor bli at me ynskjer gjerne ein dialog med IMDi dersom behovet skulle melde seg. Situasjonen kan fort sjå annleis ut også i Samnanger ut på hausten 2023.

Vidare spør IMDi om kva som skal til for å oppretthalde høg kapasitet for busetting i kommunen. Ein

viktig faktor er tilgjengelege bustadar, og at desse er i rimeleg nærleik til sentrale funksjonar eller kollektivtilbod. I tillegg må me sjå føre oss ei gradvis oppskalering av dei mest involverte tenestene våre – noko som me i utgangspunktet i praksis allereie er i gong med.

Det følgjer finansiering med kvar flyktning. Denne er meint å skulle dekkje dei kostnadane kommunen

har ved busetjinga. Stønaden kommunen mottok gjeld for kvar flyktning i 5 år.

<https://www.imdi.no/tilskudd/integreringstilskot/>

I evalueringsarbeidet som er gjort no i etterkant av 2022 vert det på mange område vist til gode erfaringar og historiar. Tilsette og innbyggjarar har stått på, kasta seg rundt og involvert seg for å ta godt i mot nye landsmenn til kommunen. Samnanger kommune som organisasjon v/ rådmannen vil difor gje ein stor takk til innbyggjarane for denne innsatsen – dette har vore uvurderleg.

Konsekvensar:

Me vil kunne oppleve at ulike tenesteområde vert utfordra. Helsetenestene våre har til tider vore utfordra av andre årsaker ved at me t.d. har mangla legekompentanse og helsesjukepleiar. Det skal lite til å komme over terskelverdiar som tilseier behov for fleire tilsette.

NAV skal i periodar levere tenester til langt fleire enn det tenesta er rigga for. Samstundes går dette i bølger, og det er venta at våre nye innbyggjarar litt etter litt klarer seg godt sjølve. Me må difor vere tettare på problemstillingane som oppstår. Ei løysing er at me framover flyttar hovudansvaret for flyktingtenesta frå NAV og over på kultureininga. Det inneber likevel at NAV må handsame langt fleire vedtakssaker enn normalt, men at innsats som gjeld øvrige koordinerings- og tilretteleggingsoppgåver kan styrkast.

Me har i dag ikkje tilgjengelege husvære klare til å busetje 15 nye flyktingar, men ser føre oss at dette skal me klare å jobbe oss i mål med.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Samnanger kommune vedtek å busetje inntil 15 flyktingar i 2023. Dette inneber at flyktingar frå ulike delar av verda skal kunne få ei god mottaking og busetjing. I tillegg kan det bli aktuelt at det kjem fleire enn desse 15 på familiegjenforeiningsgrunnlag. Det er råd å gjere ei ny vurdering hausten 2023 dersom det kjem ytterlegare oppmodingar frå IMDi.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-L12
Arkivsaksnr: 22/733	Løpenr: 23/698
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	010/2023
Kommunestyret	23.02.2023	011/2023

Reguleringsplan Raunekleiva næringsområde Finansiering frå næringsfondet

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 010/2023 Vedtak:

Samnanger kommune gjev rådmannen fullmakt (jf. delegeringsreglementet § 4.2 bokstav r) til å inngå intensjonsavtale for kjøp av næringsområde i Raunekleiva.

Rådmannen får fullmakt til å finansiere tiltaket innanfor rammene i budsjett- og økonomiplan 2023-26. Rådmannen legg fram for formannskapet detaljfinansiering av intensjonsavtalen.

Med heimel i PBL § 12-8 vert det gjeve løyve til oppstart av detaljregulering for i næringsområde N03 Raunekleiva. Planområdet famnar om GBNR 9/1 og 17/5. Planarbeidet skal utførast i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

Rådmannen vert prosjekteigar og næringsrådgevar prosjektleiar for reguleringsarbeidet.

Naturutvalet er styringsgruppe for arbeidet.

Reguleringsarbeidet vert finansiert med kommunalt næringsfond inntil 350.000 til å utarbeide reguleringsplan for næringsområdet i Raunekleiva. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev rådmannen fullmakt jf. delegeringsreglementet § 4.2 bokstav r) til å inngå intensjonsavtale for kjøp av næringsområde i Raunekleiva.

Rådmannen får fullmakt til å finansierte tiltaket innanfor rammene i budsjett- og økonomiplan 2023-26. Rådmannen legg fram for formannskapet detaljfinansiering av intensjonsavtalen.

Med heimel i PBL § 12-8 vert det gjeve løyve til oppstart av detaljregulering for i næringsområde N03

Raunekleiva. Planområdet famnar om GBNR 9/1 og 17/5. Planarbeidet skal utførast i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

Rådmannen vert prosjekteigar og næringsrådgjevar prosjektleiar for reguleringsarbeidet. Naturutvalet er styringsgruppe for arbeidet.

Reguleringsarbeidet vert finansiert med kommunalt næringsfond inntil 350.000 til å utarbeide reguleringsplan for næringsområdet i Raunekleiva. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet.

Dokument som er vedlagt:

Notat om regulering av næringsområde N03 Raunekleiva
Vedtecter for bruk av Samnanger kommune sitt næringsfond

Dokument som ikkje er vedlagt:

Delegeringsreglement for Samnanger kommune

Saksopplysningar: Det er ønsker om å utvikle Raunekleiva næringsområde N03, ved å kjøpe ut og regulera området til føremålet. Tiltaket kan gjennomførast i kommunal regi og finansierast med kommunale midlar. Ny næringsutviklar kan ha ansvar for arbeidet.

Bakgrunn for saka:

Det er behov for å få utvikle relativt raskt eit næringsområde for meir plasskrevjande salsnæringar sentralt i Samnanger. Serviceverksemdar som trelast og sal/reperasjon av større køyretøy vert rekna som er plasskrevjande med behov for areal til både verkstad og lager.

Området rundt Bjørkheim er ikkje regulert til dette, og det er framleis uvisst kva arealstatus som vert gjeldande for Lausgar i revidert områdeplan. Det pågår her eit reguleringsarbeid i samband med bygging av fleirbrukshall. Det er framleis usikkerheit knytt til kva utbygging som kan skje på Lausgar, i og med ein større del av tomte er jordbruksareal og ligg som LNF-område.

Det er særskilt to aktørar som over tid har vore i kontakt med kommunen om behov for større areal å etablere seg på. Både kommunen og private aktørar har disponibelt og regulert næringsareal for sal i Rolvsvåg. For desse to aktørane er det ønsker om å etablere seg meir sentralt i kommunen, og ser på Raunekleiva som meir aktuelt.

Raunekleiva er i arealplanen sett av til næring N03, men med krav om regulering før det kan verte etablert næringsverksemd (sjå meir detaljar i vedlegget.). Det er gjeve dispensasjon til ein næringsdrivane som har etablert seg der, og krav om reguleringsplan dersom det skal verte ei vidare etablering i næringsområdet.

Eigarane av området er i dialog med kommunen om sal. Det er ikkje gjennomført takst av området. I følgje delegeringsreglementet § 4.2 bokstav r) vert kjøp og pris delegert til rådmannen, jf. :
«Saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort rettar i fast eigedom. Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når eigedomen eller rettane har ein verdi på mindre enn 1 million kroner. Når kommunestyret sjølv har vedteke at ein bestemt eigedom skal kjøpast, avhendast eller heftast bort og ikkje sjølv har fastsett prisen, er mynde til å fastsetja prisen delegert til rådmannen. Mynde til å kjøpa, avhenda eller festa bort, og til å fastsetja pris, har rådmannen òg når det gjeld gjennomføring av vedtak kommunestyret har gjort.»

Vurderingar og konsekvensar:

Dei to aktørane har vore på leit gjennom fleire år på areal til å etablere/ekspandere verksemda si på. Mangel på tilgjengeleg næringsareal og lange prosessar med reguleringsarbeidet på Lausgar har

resultert i behov for ei snarleg løysing. I verste fall kan verksemdene velje å etablera seg i andre kommunar.

Kommunen ønskjer difor å sette i gang arbeidet med regulering av Raunekleiva i kommunal regi. Ein reguleringsplan kan stipulerast til å ha ein kostand på om lag 250-350.000 kroner. Planarbeidet er ikkje prioritert i vedteken planstrategi, og det er dermed ikkje sett av midlar i budsjettet 2023 til planen. Det er mogleg å omdisponera midlar frå investeringsbudsjettet frå planlagde prosjekt som av ulike grunnar kan verte utsett. Kjøp arealet vert tilrådd finansiert innanfor ramma i investeringsbudsjettet.

Samnanger kommune har og eit kommunalt næringsfond der slike tiltak kan verte finansierast frå. Regneskapet er ikkje avslutta men pr. 01.01.2023 er næringsfondet estimert til 1.9 millionar kroner.

Reguleringsarbeidet vert organisert med rådmannen som prosjekteigar og ny næringsrådsgjevar som prosjektleiar for arbeidet når den startar i kommunen.

Oppstart av planen er delegert til administrasjonen når vedtak om kjøp av eigedommen og finansiering av reguleringsarbeidet er vedteke.

Konklusjon:

Samnanger kommune gjev rådmannen fullmakt til å inngå intensjonsavtale for kjøp av næringsområdet i Raunekleiva.

Rådmannen får fullmakt til å finansierte tiltaket innanfor rammene av kommunen sitt budsjett- og økonomiplan 2023-26, og legg fram detaljfinansiering av intensjonsavtalen til formannskapet.

Med heimel i PBL § 12-8 vert det gjeve løyve til oppstart av detaljregulering for i næringsområde N03 Raunekleiva. Planområdet famnar om GBNR 9/1 og 17/5. Planarbeidet skal utførast i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

Reguleringsarbeidet vert finansiert med kommunalt næringsfond inntil 350.000 til å utarbeide reguleringsplan for næringsområdet i Raunekleiva. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet.

Rådmannen vert prosjekteigar og næringsrådsgjevar prosjektleiar for reguleringsarbeidet.

Naturutvalet er styringsgruppe for arbeidet.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ole-Martin Bruvik	Arkivkode: FA-M00
Arkivsaksnr: 19/28	Løpenr: 23/681
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	005/2023
Kommunestyret	23.02.2023	012/2023

Endring VA-gebyr sjølvkostområde Eikedalen

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 005/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å endre VA-gebyr for sjølvkostområde Eikedalen som vist i tabell.

Endringane vil gjelde frå 01.04.2023.

	2022	2023	Endring i kr	Endring i %
Avløp fastdel (per år)	2646	3853	1207	45,62 %
Avløp per m3	22,77	36,86	14,09	61,88 %
Avløp tilknytning	14884	15628	744	5 %
Vatn fastdel (per år)	2756	4655	1899	68,90 %
Vatn per m3	25,81	44,11	18,3	70,90 %
Vatn tilknytning	14884	15628	744	5 %

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek å endre VA-gebyr for sjølvkostområde Eikedalen som vist i tabell.

Endringane vil gjelde frå 01.04.2023.

	2022	2023	Endring i kr	Endring i %
Avløp fastdel (per år)	2646	3853	1207	45,62 %
Avløp per m3	22,77	36,86	14,09	61,88 %
Avløp tilknytning	14884	15628	744	5 %
Vatn fastdel (per år)	2756	4655	1899	68,90 %

Vatn per m3	25,81	44,11	18,3	70,90 %
Vatn tilknytning	14884	15628	744	5 %

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Det er kome fram i etterkant av vedtaket om kommunale gebyr for 2023, at Kvam herad har vedteke ein auke på sine VA-gebyr på opp til 70 % frå 2022-satsar til 2023-satsar. Denne auken gjeld for abonnentar i Eikedalen. Samnanger kommune har vedteke ein auke på 5 % for 2023 for abonnentar i Eikedalen.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Tabell for Kvam herad sine VA-gebyr.

	2022	2023	Endring i kr	Endring i %
Avløp fastdel (per år)	2608	3798	1190	45,60 %
Avløp per m3	19,7	31,9	12,2	61,90 %
Avløp tilknytning	13025	13025	0	0
Vatn fastdel (per år)	2045	3454	1409	68,90 %
Vatn per m3	18,9	32,3	13,4	70,90 %
Vatn tilknytning	13025	13025	0	0,00 %

Tabell for Samnanger kommune sine VA-gebyr Eikedalen.

	2022	2023	Endring i kr	Endring i %
Avløp fastdel (per år)	2646	2778	132	5,01 %
Avløp per m3	22,77	23,91	1,14	5 %
Avløp tilknytning	14884	15628	744	5 %
Vatn fastdel (per år)	2756	2894	138	5 %
Vatn per m3	25,81	27,1	1,29	5 %
Vatn tilknytning	14884	15628	744	5 %

Tabell nye gebyr som svarar til Kvam herad si endring i prosent.

	2022	2023	Endring i kr	Endring i %
Avløp fastdel (per år)	2646	3853	1207	45,62 %
Avløp per m3	22,77	36,86	14,09	61,88 %
Avløp tilknytning	14884	15628	744	5 %
Vatn fastdel (per år)	2756	4655	1899	68,90 %
Vatn per m3	25,81	44,11	18,3	70,90 %
Vatn tilknytning	14884	15628	744	5 %

Etter dialog med Kvam herad om dei ville ha ein ny tilsvarande auke på VA-gebyr for 2024, svarte dei nei. Dette utelukkar ikkje ein auke på til dømes 20 %.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Samnanger kommune vil måtte stå for eit mellomlegg når Kvam herad fakturerer Samnanger kommune for abonnentar tilknytt sjølvkostområde Eikedalen. For å redusere dette mest mogleg, bør me justere VA-gebyr til Samnanger kommune for abonnentar i Eikedalen. Om me ventar til behandling av kommunale gebyr for 2024, kan Samnanger kommune måtte auke VA-gebyr for Eikedalen to gonger. Ein for mellomlegget i 2023 og ein for nye satsar i 2024.

Det er ikkje mykje ekstra arbeid for administrasjonen å tilpasse arbeidet etter endring av gebyr.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-N12
Arkivsaksnr: 22/95	Løpenr: 23/208
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	006/2023
Kommunestyret	23.02.2023	013/2023

Evaluering av transportordninga "Svinta"-skys

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Tillegg, foreslått av Øyvind Strømmen, Miljøpartiet Dei GrøneBygdalista

I desse vurderingane bør det blant anna sjåast på om ein kan sjå for seg ei bestillingsordning med faste tider, eit tilbod berre enkelte dagar eller eit tilbod til ein bestemt ankomsstad, med inspirasjon frå tilsvarande pilotar andre stader i landet.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram eit tilleggsframlegg. Han orienterte om at han ønskte at dette tillegget skulle setjast inn etter det siste punktet i rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg, inkludert tilleggsframlegget til Øyvind Strømmen, vart samrøystes vedteke.

FORM- 006/2023 Vedtak:

Rådmannen si evaluering av prøveperioden med transportordninga «Svinta»-skys i 2022 blir teken til orientering.

Kommunestyret ønskjer at arbeidet for å betra transporttilbodet for ungdom og eldre i kommunen held fram. Det må i samband med dette òg sjåast på løysingar for transport av brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen og eventuelle andre grupper med stort behov for betre transporttilbod. Erfaringane og evalueringa av prøveperioden med «Svinta»-skys i 2022 må vektleggjast i arbeidet.

Det skal i møterunden i april 2023 leggjast fram sak for formannskapet og kommunestyret, med forslag til transportordning for ungdom og eldre. I tillegg bør det i saka òg vurderast følgjande:

1. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen, og korleis dette i så fall kan gjerast.

2. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for andre grupper av innbyggjarar med stort behov for betre transporttilbod, og korleis dette i så fall kan gjerast.

I desse vurderingane bør det blant anna sjåast på om ein kan sjå for seg ei bestillingsordning med faste tider, eit tilbod berre enkelte dagar eller eit tilbod til ein bestemt ankomsstad, med inspirasjon frå tilsvarande pilotar andre stader i landet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen si evaluering av prøveperioden med transportordninga «Svinta»-skyss i 2022 blir teken til orientering.

Kommunestyret ønskjer at arbeidet for å betra transporttilbodet for ungdom og eldre i kommunen held fram. Det må i samband med dette òg sjåast på løysingar for transport av brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen og eventuelle andre grupper med stort behov for betre transporttilbod. Erfaringane og evalueringa av prøveperioden med «Svinta»-skyss i 2022 må vektleggjast i arbeidet.

Det skal i møterunden i april 2023 leggjast fram sak for formannskapet og kommunestyret, med forslag til transportordning for ungdom og eldre. I tillegg bør det i saka òg vurderast følgjande:

1. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen, og korleis dette i så fall kan gjerast.
2. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for andre grupper av innbyggjarar med stort behov for betre transporttilbod, og korleis dette i så fall kan gjerast.

Dokument som er vedlagt:

Underskriven samarbeidsavtale

Brev frå Trond Haga Taxi datert 26.10.2022 – Evaluering og oppseiing av samarbeidsavtale

Vedlegg til brev datert 26.10.2022 – Samla rapport Svintaskyss

Vedlegg til brev datert 26.10.2022 – Månadsrapportar

Innspel-synspunkt frå leiar i eldrerådet

E-postkorrespondanse med Samtax AS

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Saksutgreiing og vedtak i kommunestyresak 008/2022 (https://innsyn.sing.no/Samnanger/Innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021011707&)
- Saksutgreiing og vedtak i kommunestyresak 019/2022 (https://innsyn.sing.no/Samnanger/Innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021013041&)

Oppsummering:

Kommunestyret vedtok våren 2022 ein seks månaders prøveperiode med transportordninga «Svinta»-skyss. Det gjekk fram av vedtaket at ordninga skulle evaluerast etter prøveperioden. Sak om evaluering av ordninga blir no lagt fram for politisk handsaming.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok 24.02.2022 ([KS-sak 008/2022](#)) og 07.04.2022 ([KS-sak 019/2022](#)) prøveordning med transporttenesta «Svinta»-skyss. Dette var eit samarbeid mellom kommunen og Trond Haga Taxi om transporttenester for ungdom 15–18 år og eldre i alderen 67 + (67 år og eldre).

Etter kommunestyret si handsaming 07.04.2022 omfatta samarbeidsavtalen i tillegg også transport av brukarar til og frå dagsenteret på Samnangerheimen. «Svinta»-skyss omfattar berre transport internt i Samnanger, ikkje transport til/frå Samnanger.

Det gjekk fram av vedtaket kommunestyret gjorde 07.04.2022 at samarbeidsavtalen skulle testast ut i seks månader, og at ordninga skulle evaluerast etter denne prøveperioden.

Bakgrunnen for dei to nemnde sakene som var oppe i kommunestyret 24.02. og 07.04.2022, var mellom anna innspel frå elderrådet og ungdomsrådet om transportbehov og manglande kollektivtilbod i Samnanger.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Vedtak i kommunestyret 24.02.2022

Kommunestyret vedtok 24.02.2022 (KS-sak 008/2022) å inngå samarbeidsavtale med Trond Haga Taxi om transporttenesta «Svinta»-skyss, og at avtalen skulle testast ut i tre månader. Det gjekk fram av vedtaket at Trond Haga Taxi skulle få betalt 5 000 kroner frå kommunen per måned i denne prøveperioden, og at «Svinta»-skyss skulle vera eit tilbod til ungdom 15–18 år og eldre 67 +.

Vedtak i kommunestyret 07.04.2022

Tidleg i prøveperioden fekk kommunen tilbakemelding frå Trond Haga Taxi om at det kommunale «tilskotet» på 5 000 kroner per måned ikkje var tilstrekkeleg. Mellom anna på bakgrunn av dette vart det til kommunestyret 07.04.2022 lagt fram sak om endring av transportordninga «Svinta»-skyss. Kommunestyret vedtok 07.04.2022 ein revidert samarbeidsavtale med Trond Haga Taxi, der betalinga frå kommunen vart auka til 25 000 kroner per måned. Ei anna endring var at avtalen no òg skulle omfatta køyring av brukarar til og frå dagsenteret på Samnangerheimen. Det gjekk fram av vedtaket at samarbeidsavtalen skulle testast ut i seks månader, at ordninga skulle evaluerast etter denne prøveperioden. Evalueringa skulle gjera gjera greie for og dokumentera følgjande:

1. Kva aldersgrupper nyttar tilbodet?
2. Kva strekningar i kommunen vert køyrde?
3. Oversikt over talet på køyreturar utførte i prøvetida.

Innhaldet i samarbeidsavtalen

I den reviderte samarbeidsavtalen som vart inngått etter kommunestyret sitt vedtak 07.04.2022, gjekk det fram av Trond Haga Taxi skulle levera transporttenester kalla «Svinta»-skyss etter følgjande vilkår:

- Tilby køyretøy med kapasitet på ni passasjerar, som er tilrettelagt for rullestolbrukarar.
- Samnanger kommune kjøper eller leaser ikkje eigen bil til transport ved Samnangerheimen.
- «Svinta»-skyss-oppdraga kan takast mellom ordinære taxioppdrag.
- Dei som nyttar seg av «Svinta»-skyss skal opplysa om dette når dei tingar tur, og dei skal visa legitimasjon til sjåføren.
- «Svinta»-skyss kan bestillast alle dagar.
- Pris per tur per passasjer er 50 kroner.
- Kommunen betalar Trond Haga Taxi 25 000 kroner ekskl. mva per måned i prøveperioden. Kommunen vil få refundert ein del av desse utgiftene, som følgje av at «Svinta»-skyss mellom anna omfattar transport av brukarar av dagsenteret.
- Samarbeidsavtalen gjeld så lenge den gagnar begge partane.

Oppseiing av samarbeidsavtalen

Kommunen mottok i slutten av oktober 2022 brev frå Trond Haga Taxi, med oppseiing av samarbeidsavtalen, samt grunnlagsdokumentasjon for evaluering av prøveordninga med «Svinta»-skyss. Samarbeidsavtalen vart i brevet sagt opp med verknad frå og med 01.12.2022. I brevet skreiv Trond Haga Taxi mellom anna at ordninga ikkje kunne halda fram på dei økonomiske vilkåra som låg til grunn for avtalen. Det vart i brevet informert om at lønna til sjåførane er omsetningsbasert og at normalprisar må leggjast til grunn for lønna, og at med dei noverande økonomiske vilkåra ville dette føra til tap for firmaet. Kopi av oppseiingsbrevet følgjer vedlagt.

Grunnlagsdokumentasjon frå Trond Haga Taxi

Som nemnt i avsnittet ovanfor leverte Trond Haga Taxi grunnlagsdokumentasjon for evalueringa av prøveordninga med «Svinta»-skyss saman med oppseiingsbrevet i oktober 2022. Dokumentasjonen omfattar både ein samlerapport for «Svinta»-skyss-køyring i perioden april – september 2022 og detaljerte månadsrapportar for perioden mars – oktober 2022. Kopi av rapportane følgjer vedlagt.

Gjennomgang av evalueringspunkt vedtekne av kommunestyret 07.04.2022

I dette avsnittet er det gjort greie for dei evalueringspunktta som kommunestyret bad om i vedtaket sitt 07.04.2022. Evalueringa gjeld perioden april – september 2022.

Evalueringpunkt 1: Kva aldersgrupper nyttar tilbodet?

Dokumentasjonen frå Trond Haga Taxi viser at det totalt var totalt 381 «Svinta»-skyss-turar i perioden april – september 2022. Desse turane var fordelte som følgjer:

- 326 turar til/frå dagsenteret (dette utgjer ca. 86 prosent av turane)
- 47 andre turar for personar i aldersgruppa 67 + (dette utgjer ca. 12 prosent av turane)
- 8 turar for personar i aldersgruppa 15–18 år (dette utgjer ca. 2 prosent av turane)

Talet på turar fordelt på aldersgrupper og dagsenter				
Månad	67 +		15–18 år	Sum
	Dagsenter (t/r)	Andre		
April 2022	48	10	3	61
Mai 2022	48	7	2	57
Juni 2022	50	8	0	58
Juli 2022	18	14	3	35
August 2022	86	8	0	94
September 2022	76	0	0	76
Sum	326	47	8	381

Dokumentasjonen viser at aldersgruppa 15–18 år i svært liten grad brukte tilbodet.

Evalueringpunkt 2: Kva strekningar i kommunen vart køyrde?


Dei vedlagte månadsrapportane frå Trond Haga Taxi inneheld informasjon om kva strekningar som vart køyrde i prøveperioden. Dersom me ser vekk frå køyringa av brukarar til/frå dagsenteret, vart følgjande strekningar køyrde i perioden april – september 2022:

Strekning		Tal turar		
Frå	Til	67 +	15–18 år	Totalt
Barmen	Bjørkheim	1	1	2
Bjørkheim	Haug	1		1
Bjørkheim	Lønnebakken	2		2
Bjørkheim	Myre	1		1
Bjørkheim	Rolvsvåg	3		3
Bjørkheim	Steinsland	3		3
Bjørkheim	Tysse	2		2
Eikedalen	Haga	1		1
Eikedalen	Rolvsvåg		1	1
Eikedalen	Tysse		1	1
Frøland	Tysse		1	1
Gjerde	Haga	1		1
Haga	Hisdal	5		5
Haga	Lønnebakken	1		1
Haga	Steinsland	1		1
Haug	Bjørkheim	1		1
Helgatona	Bjørkheim	1		1
Hisdal	Haga	5		5
Hisdal	Haukanes	1		1
Langeland	Bjørkheim	1		1
Lauskar	Haga	1		1
Lauskar	Ådland	1		1
Lønnebakken	Bjørkheim	1		1
Myre	Bjørkheim	1		1
Reistad	Bjørkheim	1		1
Rolvsvåg	Bjørkheim	3		3
Rolvsvåg	Eikedalen		1	1
Steinsland	Bjørkheim	3		3
Steinsland	Haga	1		1
Tysse	Aldal	1		1
Tysse	Eikedalen		1	1
Tysse	Haga	1		1
Tysse	Tysseland	1	2	3
Ådland	Lauskar	1		1
Sum		47	8	55

Køyeringa i perioden april – september 2022 i tabellen på førre side var fordelt på følgjande

vekedagar:

Dag	Tal turar		
	67 +	15–18 år	Totalt
Måndag	4	2	6
Tysdag	10		10
Onsdag	2		2
Torsdag	8		8
Fredag	13	1	14
Laurdag	5	3	8
Søndag	5		5
Høgtidsdag på vekedag		2	2
Sum	47	8	55



Evalueringpunkt 3: Oversikt over talet på køyreturar utførte i prøveperioden

Talet på køyreturar går fram av tabellane i avsnitta ovanfor. Det var i alt 381 turar i perioden april – september 2022, inkludert køyring til/frå dagsenteret.

Tilleggsinformasjon frå taxiselskapet

I samband med arbeidet med denne saka har administrasjonen vore i kontakt med taxiselskapet og fått litt tilleggsinformasjon frå dei. Informasjonen er henta inn frå Samtax AS. Frå 01.01.2023 er drosjedrifta i enkeltmannsføretaket Trond Haga Taxi ein del av Samtax AS, og Trond Haga Taxi avvikla drifta frå same dato. Samtax AS har gjennomført ein emisjon der Trond Haga blir medeigar.

Administrasjonen har spurt Samtax AS om kor stor månadsleg betaling dei meiner ville vore nødvendig for å kunne oppretthalda ordninga med «Svinta»-skyssturar (inkludert dagsenter-køyning) slik den var i prøveperioden i 2022. Samtax AS har gitt tilbakemelding om at det kommunale bidraget i så fall måtte vera på 36 000 kroner ekskl. mva, og at det då ville vore ein føresetnad at omfanget (transportmengda) ikkje aukar utover dei tala som kom fram av prøveperioden. Samtax AS har vidare

gitt tilbakemelding om at dei då har gitt 10 prosent frådrag på taksameterpris, samt at det måtte vore avtalt kva som skulle skje ved vesentleg auke i omfanget (transportmengda).

I tillegg har Samtax AS peika på ein mogleg alternativ modell der det kommunale bidraget varierer frå månad til månad, gjennom at kommunen blir fakturert etter gjennomførte turar (dokumentert med kvittering). Kostnaden for kommunen ville då bli meir uføreseieleg, og variera frå månad til månad. Samtax AS har informert om at med føresetnad om same omfang som i perioden april til september 2022, ville det kommunale bidraget med ein slik modell kunne variera frå 19 000 til 53 000 kroner per månad.

Uttalar/innspel frå andre:

Innspel frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet drøfta i sitt møte i juni 2022 ordninga med «Svinta»-skyss. Dei peika då på at tilbodet var positivt for ungdom, men at tilbodet var dårleg marknadsført – i alle fall kanalane til ungdommen (dei plattformene ungdommen brukar). Ingen av medlemmene i ungdomsrådet hadde på dette tidspunktet fått med seg at tilbodet hadde starta opp.

Innspel frå leiaren i eldrerådet:

Det er i samband med arbeidet med denne saka henta inn innspel/synspunkt frå leiaren i eldrerådet, Solveig K. Vassenden, om erfaringar med «Svinta»-skyss. Innspela/synspunkta gjeld ikkje køyringa av brukarar til/frå dagsenteret, men «Svinta»-skyss-tilbodet utanom dette. Leiaren i eldrerådet peikar på at eit godt transporttilbod for eldre er svært viktig, og at dei eldre ho har snakka med som nytta «Svinta»-skyss lovprisar tilbodet og vart skuffa då det opphørde. Dei håpar på at kommunen finn ei løysing på transport for eldre personar, og at tilbodet kan oppstå igjen. Kopi av innspela/synspunkta frå leiaren i eldrerådet følgjer vedlagt.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Nedanfor har me prøvd å lista opp både positive og negative erfaringar med «Svinta»-skyss i prøveperioden.

1. Erfaringar med prøveordninga med transport av brukarar til/frå dagsenteret på Samnangerheimen	
Positivt / kva fungerte godt	Negativt / kva fungerte ikkje godt
<ul style="list-style-type: none">· Ordninga med transport av brukarar til og frå dagsenteret fungerte totalt sett godt både for brukarane og kommunen.· Kommunen slapp i prøveperioden å bruka kommunale bilar og tilsette til denne køyringa – frigjering av kommunale ressursar/arbeidstid.· Pleie og omsorg klarte seg i prøveperioden seg med ein kommunal tenestebil mindre enn tidlegare.	<ul style="list-style-type: none">· Den kommunale betalinga var ikkje tilstrekkeleg til at taxiselskapet klarte å gjennomføra transporttilbodet utan økonomisk tap.· Brukarbetalingssinntektene til kommunen vart noko lågare enn antatt. Desse inntektene var stipulert til om lag 12 500 kroner per månad, men dei vart om lag 5 000 kroner lågare enn dette.· Det var tilfelle der taxiselskapet på slutten av månaden varsla dagsenteret om at dei ikkje kunne tilby dagsenterkøyring resten av månaden, fordi «pengekassen» var tom.· Tilfelle der taxiselskapet avlyste tur

	<p>til/frå dagsenteret på grunn av andre oppdrag med høgare inntekt.</p> <p>Taxiselskapet hadde ikkje tilbod om bil som er tilpassa rullestolbrukarar (men dei har no kjøpt inn og teke i bruk ein slik bil).</p>
--	---

1. Erfaringar med prøveordninga med transporttilbod for aldersgruppa 67 +	
Positivt / kva fungerte godt	Negativt / kva fungerte ikkje godt
<p>· Dei som brukte tilbodet vart godt nøgde.</p>	<p>· Tilbodet kunne blitt meir brukt.</p>

1. Erfaringar med prøveordninga med transporttilbod for aldersgruppa 15–18 år	
Positivt / kva fungerte godt	Negativt / kva fungerte ikkje godt
<p>· Tilbodet var i utgangspunktet positivt for ungdom i målgruppa.</p>	<p>· Tilbodet vart svært lite brukt. Det vart totalt berre køyrt åtte turar i heile prøveperioden.</p> <p>· Mange i målgruppa visste ikkje om tilbodet. Tilbodet vart truleg for dårleg marknadsført i dei kanalane/plattformene som denne aldersgruppa brukar.</p>

Konsekvensar:

Hovudføremåla med ordninga med «Svinta»-skyss var:

1. å betra transporttilbodet internt i kommunen for innbyggjarar i aldersgruppene 15–18 år og 67 +, og gje tilbod om rimeleg transport for desse gruppene.
2. å få til ei føremålstenleg ordning for transport av brukarar til og frå dagsenteret på Samnangerheimen, der kommunen ikkje må stå for denne transporten sjølv.
3. å nytta ledig kapasitet hos det lokale taxiselskapet for å oppnå målsettingane i punkt 1 og 2.

Konsekvensen dersom ordninga med «Svinta»-skyss ikkje blir vidareført i ei eller anna form, og det heller ikkje kjem på plass andre alternative transportordningar, vil vera at ingen av desse målsettingane blir oppnådde. Dette vil vera uheldig, og det er viktig at kommunen ikkje avsluttar arbeidet med betring av transporttilbodet.

Mogleg vidare arbeid / framtidige transportløyisingar

Erfaringane frå prøveperioden i 2022 viser at det er behov for nokre endringar dersom ordninga «Svinta»-skyss skal vidareførast og fungera tilstrekkeleg godt både for innbyggjarane/brukarane og taxiselskapet. Eksempel på moglege endringar kan vera:

- Betre marknadsføring av tilbodet.
- Betre økonomiske vilkår for taxiselskapet (for eksempel gjennom auka kommunal finansiering).
- Tydlegere avtalevilkår mellom kommunen og taxiselskapet (klargjering av ansvar/plikter).

- Inngå avtale/avtalar med andre samarbeidspartnarar enn det lokale taxiselskapet.

Kommunestyret bør ta stilling til kva arbeid som skal gjerast vidare med transporttilbodet for ungdom og eldre i kommunen. Eit alternativ kan vera å arbeida vidare med «Svinta»-skyss, men det kan også vera andre alternativ. I saksutgreiingane til dei to nemnde sakene som vart handsama av kommunestyret i 2022 ([KS-sak 008/2022](#)) og ([KS-sak 019/2022](#)), vart både «Svinta»-skyss og andre alternative transportordningar vurderte. I tillegg til «Svinta»-skyss, gjaldt dette følgjande ordningar:

- **Hent-Meg** – eit kollektivtilbod der du kan bestilla tur når du treng det. Ei slik ordning er prøvd ut i mellom anna Sauda (kollektivselskapet Kolumbus) og Odda (kollektivselskapet Skyss).
- **Kommunal løysing** – kommunen leaser bil med kapasitet på ni passasjerar, inkludert rullestolbrukarar. Ein slik bil kan brukast både til transport til/frå dagsenteret og til oppdrag med transport av alle aldersgrupper innanfor kommunegrensene.

Også begge desse ordningane vil ha både styrkar og svakheiter, og det er heller ikkje sikkert at begge ordningane vil vera moglege å realisera.

Det kan også tenkjast at fleire grupper enn ungdom og eldre har stort behov for betre transporttilbod, for eksempel flyktningar som ikkje bur «sentrumsnært», og at også dette bør sjåast på i det vidare arbeidet.

Konklusjon:

Rådmannen meiner det er viktig at det blir arbeida vidare med betring av transporttilbodet for ungdom og eldre i kommunen, og at det i dette arbeidet bør takast utgangspunkt i erfaringane og evalueringa av prøveperioden med «Svinta»-skyss i 2022. Som ein del av dette arbeidet bør det òg sjåast på løysingar for transport av brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen.

Rådmannen foreslår at det i møterunden i april 2023 skal leggjast fram sak for formannskapet og kommunestyret, med forslag til transportordning for ungdom og eldre. I tillegg bør det i saka òg vurderast følgjande:

- Om ordninga kan kombinerast med transportordning for brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen, og korleis dette i så fall kan gjerast.
- Om ordninga kan kombinerast med transportordning for andre grupper av innbyggjarar med stort behov for betre transporttilbod, og korleis dette i så fall kan gjerast.

Det bør i saka òg sjåast på om lovverket har reglar som vil måtte takast omsyn til ved eventuelt kommunalt kjøp av transporttenester for dei aktuelle gruppene.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karina Liøen Frøland	Arkivkode: FA-C00
Arkivsaksnr: 23/42	Løpenr: 23/736
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	003/2023
Kommunestyret	23.02.2023	014/2023

Auka økonomisk støtte til lag og organisasjonar

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 003/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å sjå på moglege løysingar for å auka den økonomiske støtta til lag og organisasjonar. Dette kan gjerast anten i rekneskapsaka for 2022 som skal til behandling i juni 2023 eller i budsjettprosessen for 2024.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek å sjå på moglege løysingar for å auka den økonomiske støtta til lag og organisasjonar. Dette kan gjerast anten i rekneskapsaka for 2022 som skal til behandling i juni 2023 eller i budsjettprosessen for 2024.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Samnanger skulemusikklag søkte 06.11.22 kommunen om ekstra midlar på kr. 100.000,- som følgje av at laget var råka av inntektsbortfall grunna manglande arrangement under pandemien. Dei hadde søkt andre stader, men opplevde at det var vanskeleg å få støtte til drift.

Kulturkontoret hadde ikkje midlar til dette i budsjettet sitt, og viste til *Prinsipp for handsaming av generelle søknader*, siste punkt som omhandla driftsutgifter, vedteke i kommunestyret 15.06.22:

KS- 029/2022 Vedtak:

«Samnanger kommune har tre kommunale søknadsordningar. Det er tilskotsordningane Kulturmidlar, Vilt- og fiskefondet og Tilskot til ungdomstiltak. For søknader som kjem til kommunen

utanom desse ordningane, vert følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Søkar vert informert om kommunen sine søknadsordningar, retningslinjer og fristar. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningslinjer.
- Søkar vert informert om andre nasjonale eller regionale tilskotsordningar som kan vera aktuelle for søknaden. Søkar vert bedt om å søka ut frå gjeldande retningslinjer.
- Søknader av særskilt monnaleg verdi for Samnanger kommune kor søknadssummen er over kr 10 000 vert tatt opp til politisk handsaming. Søknadssummen må overstiga kr 10 000 og verta vurdert av rådmann til å ha særskilt monnaleg verdi for kommunen.
- Søknader av særskilt monnaleg verdi for Samnanger kommune der søknadssummen er under kr 10 000 vert handsama som delegert vedtak ved rådmann. Søknader om tilskot til drift og vedlikehald eller andre tiltak som kan søkast om innan ordinære fristar, vert ikkje vurdert.»

Saka vart løfta opp i kommunestyret den 08.12.22:

«KS- 079/2022 Vedtak: 1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023–2026 vert vedteke slik det ligg føre, med desse endringane (punkt A–J):

H.Tilskot til skulemusikken

Rådmannen legg fram sak til kommunestyremøtet i februar der ein vurderer dette sett i lys av den samla støtta til kulturlivet i Samnanger.»

Fakta grunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Både under og etter pandemien har frivillige lag og organisasjonar opplevd økonomiske utfordringar. Arrangement har vorte avlyst og forventta inntekt har dermed uteblitt.

I og med at pandemien varte såpass lenge, har det skapt store vanskar for dei frivillige laga, og mange opplever at det tar tid å koma i økonomisk balanse igjen.

Frivilligsentralen er godt kjent med utfordringane, og gjev stadig råd om stadar det går an å søkja midlar. Utfordringa er at mange av midlane gjerne er øyremerka til spesielle aktivitetar, og få gjev driftstøtte. Det gjer at det er vanskeleg å få støtte til det dei frivillige laga gjerne treng mest.

Dei frivillige laga som også har eit grendahus å ta vare på, har opplevd ekstra utfordringar. Mange av husa er gamle, og treng stadig oppgraderingar. Dei er også dyre å drifta, spesielt etter at straumkostnadane auka kraftig. Dei har imidlertid moglegheit til å søkja straumstøtte, slik at dette hjelper ein del.

Kommunen har ordninga «Kulturmidlar» som lag og organisasjonar kan søkje 20 mars kvart år, og som også kan nyttast til driftsutgifter. Kvart år blir det søkt om større sum enn det kommunen har å tilby. Totalt har kommunen kr. 225.000,- å dela ut i kulturmidlar.

Samnanger skulemusikklag gjer ein stor innsats for born og unge i Samnanger, og er difor ein av dei som får mest i kulturmidlar kvart år. I 2022 fekk dei 30.000,-.

Kommunen legg også til rette for skulemusikklaget ved å dekkja ein del av dirigentutgiftene deira.

Potten for utdeling av kulturmidlar har svinga litt i tidligare år, og til samanlikning delte kommunen ut 280.000,- i kulturmidlar i 2014.

Ei mogleg løysing kan vera å auka potten til kulturmidlane, slik at det blir mogleg for lag og organisasjonar å få auka støtte her. Ei anna mogleg løysing kan vera å innføra ei midlertidig støtteordning for lag og organisasjonar som har opplevd ekstra utfordringar etter pandemien.

Vurderingar og konsekvensar:

Samnanger skulemusikklag er ein av mange som vart råka av pandemien, og som har fått økonomiske utfordringar som følgje av dette.

Kulturkontoret har ikkje pengar i budsjettet sitt til ekstraløyvingar knytt til dette.

Dersom kommunen vel å kun støtta skulemusikklaget, vil ein forfordele nokon frivillige lag og organisasjonar framfor andre som også er i ein vanskeleg situasjon. Dette vil kunne opplevast som veldig urettferdig.

Kommunen vil også gå imot vedtekne «Prinsipp for handsaming av generelle søknader».

Dersom kommunen vel å auka potten til kulturmidlane, vil dette ikkje vera aktuelt før ny søknadsfrist på kulturmidlar i 2024, medan det er no laga gjerne treng dei ekstra midlane.

Vel kommunen å innføra ei eiga støtteordning som skal vera kortvarig og som skal hjelpa organisasjonane til å koma opp på same nivå som før pandemien, kan kommunen setja ein tidligare søknadsdato.

Konsekvensen av eit auka tilskot til lag og organisasjonar, vil vera at ein sikrar at dei blir meir levedyktige og økonomisk robuste. Som igjen vil skapa gode aktivitetar og ringverknader i samfunnet, til glede for både unge og eldre.

Konklusjon:

For å sikra at alle frivillige lag blir likebehandla frå kommunen si side, tilrår rådmannen at ei eventuell ekstraløyving gjeve til lag og organisasjonar har ein felles søknadsdato, anten som ei midlertidig støtteordning eller via kulturmidlane.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karina Liøen Frøland	Arkivkode: FA-C9
Arkivsaksnr: 21/278	Løpenr: 23/525
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	007/2023
Kommunestyret	23.02.2023	015/2023

Frisklivsentralen og trening for eldre

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Trening for eldre over 70, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet

Forslag til styrketrening av eldre personer over 70 år.

For at eldre over 70 år skal klare seg selv hjemme, unngå benbrudd, redusere demens, ensomhet og redusere behovet for helsetjenester skal alle som fyller 70 år få et tilbud om personlig styrketrening min. en til to ganger i uken i løpet av 2023

Treningen finansieres som følger;

Egenbetaling etter evne.

Resten tas av disposisjonsfondet

FRP 09/02-23

Handsaming:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Formannskapet vart under handsaminga samde om følgjande fellesframlegg som tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:

"Kommunestyret ber om at det i juni-møtet i 2023 vert gitt ei orientering om status og korleis rådmannen ser for seg at det ein ønskjer å oppnå, faktisk skal skje."

Odd Arne Haga trekte framlegget sitt.

I røystringa vart rådmannen sitt framlegg, inkludert fellesframlegget til tilleggspunkt, samrøystes vedteke.

FORM- 007/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek at kommunen skal prioritera trening i kommunal regi som er spesielt

retta mot eldre. For å sikra dette, vil rådmannen innarbeida frisklivscentralen som ein permanent del av kommunen si drift; der nye treningstilbod retta mot eldre vert oppretta.

Kommunestyret ber om at det i juni-møtet i 2023 vert gitt ei orientering om status og korleis rådmannen ser for seg at det ein ønskjer å oppnå, faktisk skal skje."

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek at kommunen skal prioritera trening i kommunal regi som er spesielt retta mot eldre. For å sikra dette, vil rådmannen innarbeida frisklivscentralen som ein permanent del av kommunen si drift; der nye treningstilbod retta mot eldre vert oppretta.

Oppsummering:

Treningstilbod for eldre er forebyggjande og eit kostnadsbesparande tiltak for samfunnet.

Frisklivscentralen er ei helsefremjande og forebyggjande kommunal helseteneste, som har spesielt fokus på fysisk trening.

Kommunen må frå 2024 ta stilling til om frisklivscentralen skal vidareførast.

Kostnadane med å oppretthalda frisklivscentralen vil vera mindre enn kostnadane som kjem som følge av ein inaktiv alderdom for innbyggjarane.

Rådmannen tilrår at frisklivscentralen prioriterer treningstilbod spesielt retta mot eldre, og at sentralen blir fast implementert i budsjettet frå 2024.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

I kommunestyret 08.12.22 vart følgjande vedtak gjort:

KS- 079/2022: «Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023–2026 vert vedteke slik det ligg føre, med desse endringane (punkt A–J):

J. Trening for eldre Administrasjonen utarbeider forslag til styrketrening til alle som fyller 70 år, samt vurderer kva innsparingar dette kan gje i budsjettet til kommunestyret i februar 2023. Me ber rådmannen om å utgreie ulike alternative løysingar.»

Frisklivscentralen er ei kommunal helseteneste som arbeidar for å fremja psykisk og fysisk helse og førebyggja sjukdom, og har vore drifta av prosjektmidlar sidan 2021. Treningsgrupper for folk i alle aldrar, også eldre, er ein naturleg del av tilboda i sentralen. Sentralen samarbeidar med resten av den kommunale helsetenesta, som blant anna fysioterapeut, ergoterapeut, kreftkoordinator, lege og psykolog, og har ei koordineringsrolle. Tilboda i sentralen skal gjenspeila behovet til innbyggjarane, og dei fleste tilboda i sentralen er gratis.

Fylkeskommunen har gjeve signal på at kommunen vil få prosjektmidlar også i 2023, men at i 2024 er det ikkje lenger mogleg å få driftstilskot, då dette kun kan innvilgast i inntil 3 år.

I kommunestyret 22.04.21 vart følgjande vedtak gjort:

KS- 024/2021: «Samnanger kommune opprettar frisklivsentral i ein prosjektperiode på inntil 3 år, med forbehold om at fylkeskommunen innvilgar økonomisk støtte til dette kvart år. Prosjektet skal evaluerast årleg. Etter at prosjektperioden er over, skal kommunen ta stilling til om frisklivsentralen skal implementerast fast i drifta.»

Ei skriftleg orientering om aktivitetane så langt i sentralen vart delt i kommunestyret 15.09.22.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Trening for eldre er viktig både som førebyggjing og i rehabilitering.

Forskning på fysisk aktivitet og helse gjennom livet visar at fysisk aktive vil ha langt betre fysisk og psykisk helse enn fysisk inaktive. Berre nokre få minuttars dagleg fysisk aktivitet, tilsvarende rask gange, har stor helsegevinst.

Innsats i alle livets fasar er nødvendig for å forebyggja sjukdom og oppretthalda helse og fysisk funksjon.

Pr i dag har både frisklivsentralen, og kommunefysioterapeut og ergoterapeut tilbod om trening som eldre kan nytta seg av, men det er ønskje og behov for meir tilrettelagt trening mot eldre.

Allereie etablerte tilbod som eldre kan nytta seg av:

- **Frisklivstrening** 1 t på kveldstid kvar veke for alle aldersgrupper, i regi av friskliv- og frivilligsentralen. Styrketrening ute (inne i vintersesongen). Fokus på styrketrening for heile kroppen. Her kan ein møta opp når det høver, utan påmelding. Treninga foregår i parken på Bjørkheim, eller inne på Høgspent'n.
- **Bassentrening** på kveldstid 30 min kvar veke, i regi av friskliv- og frivilligsentralen. Her er det fleire eldre over 70 år som er med.
- **Trening til dei som nyttar dagsenteret**, i regi av kommunefysioterapeut/ ergoterapeut.

4 gongar i veka, 20 min kvar gong. Øvingar tilpassa for å vedlikehalde rørsle og styrke.

Det er einighet om at lavterskeltilboda må aukast, for å nå flest mogleg, men også for å nå dei som treng det mest. Det har difor vore fokus på å starta nye treningsgrupper.

Planlagte nye tiltak i 2023:

- **Sterk og stødig (eller tilsvarande):** for aldersgruppa 65+. Sterk og stødig er treningsgrupper tilpassa seniorar som føler seg ustø med begynnande funksjonssvikt som har behov for balanse- og styrketrening. Treninga baserer seg på forskning, med fokus på styrketrening av bein og trening av balanse. Treninga vert drive av frivillige, 1 gong i veka. Fysioterapeut tek kurs for å bli godkjent som kurshaldar, og gjennomfører opplæring av dei frivillige. Det vert oftast lagt opp til ei kort kaffistund eller tilsvarande etter treninga, for å ivareta det sosiale aspektet i tillegg. Fysioterapeut, ergoterapeut, frivilligkoordinator og frisklivskoordinator utgreier og samarbeider om dette tiltaket.

- **Utetrening:** for alle aldersgrupper på dagtid. Lavterskel trening, som også eldre kan vera med på, der ein kan møta opp til fast klokkeslett kvar veke, utan påmelding. Fokus på kondisjon, styrkeøvingar og enkle koordinasjonsøvingar. Treninga vert leia av frisklivskoordinator, og treninga vil foregå til musikk i parken på Bjørkheim.
- **Zumba Gold** – lavterskel trening til musikk som minnar om dans, for eldre og nybyrjarar på dagtid. Leia av frisklivskoordinator i biblioteket sitt store møterom.
- **Ytterlegare ei til bassengreningsgruppe**, på dagtid, leia av frisklivskoordinator.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Trening er generelt bra for alle, men spesielt viktig for eldre.

Helsedirektoratet anbefalar at vaksne over 65 år bør kvar veke vera fysisk aktive i minst 150-300 minuttar med moderat intensitet, minst 75-150 minuttar med høg intensitet eller ein kombinasjon av moderat og høg intensitet.

Som del av denne aktiviteten bør det gjennomførast balanse- og styrketrening minst 2-3 gongar pr. veke for å oppretthalde fysisk funksjon og forebyggja fall.

Frisklivstreninga som foregår på kveldstid, trekkjer til seg i hovudsak personar mellom 30 og 65 år, med hovudvekt på dei yngste. Dei aller eldste er ikkje representert her.

Treninga på dagsenteret er det kun brukarane av dagsenteret som får nytta seg av. Det er ikkje alle eldre som nyttar dagsenteret.

Frisklivscentralen tar ein stor del av treningsgruppene, også bassengtreninga som fysioterapeut og egoterapeut ikkje har moglegheit til å ta pr i dag. Det er svært tydeleg at bassengtrening er noko som mange ønskjer seg, og det er lang venteliste for å bli med på dette. Pr i dag er det plass til 12 stk, medan opptil 30 stk ønskjer å vera med her. Det er difor viktig å oppretthalda dette tilbodet til innbyggjarane, og aller helst auka det slik at alle kan få bli med.

Konsekvensar:

Ved å tilby meir trening for eldre, vil dette vera med på å betra folkehelsa, og leggje til rette for ein betre og friskare alderdom.

Dersom kommunen vel å ikkje satsa vidare på frisklivscentralen i 2024, står tilboda i fare for å falla bort. Det gode tverrfaglege samarbeidet innad i den kommunale helsetenesta likeeins.

Eventuelle innsparingar av tiltaka:

Konkrete innsparingar ved forebygging gjennom auka fysisk aktivitet er vanskeleg å kostnadssetja. Men nedanfor følgjer ei analyse.

Ein institusjonsplass kostar om lag 1 million i året. Dersom kommunen legg til rette for at dei eldre kan ta betre vare på helsa si når dei bur heime, vil dette kunne vera med på å utsetja plassering i institusjon.

Frisklivsentralen har hatt ei kostnadsramme på inntil kr. 450.000,- pr. år med ei 50 % stilling.

Ein av tre eldre over 65 år dett kvart år. Fallforebyggande trening er det enkelttiltaket som er mest effektivt for å forebyggja fall blant heimebuande eldre. Fall med brotskader er kostbart for samfunnet, i tillegg til å vera ein stor personleg kostnad for den det gjeld.

Vidare føl ei oppsummering av kostnadar ved hoftebrutt:

Kostnader ved hoftebrutt hos eldre

Forfattar: Liv Faksvåg Hektoen

Denne rapporten omhandler beregning av «kostnader ved hoftebrutt hos eldre». Prosjektet har forløpt fra jan 2012 til februar 2014 på oppdrag fra Helsedirektoratet.

I Norge rammes årlig om lag 9000 personer av hoftebrutt med en gjennomsnittsalder på 80 år og hvor 7 av 10 brutt omfatter kvinner.

Basert på et utvalg hoftebruttpasienter ved St. Olavs Hospital i Trondheim (n=396), i perioden 2008-2011 (Trondheim Hip Fracture Trial, heretter kalt THFT) er de samlede økonomiske konsekvensene av et hoftebrutt for hjemmeboende over 70 år estimert. Pasientene som danner basis for denne studien er hjemmeboende eldre over 70 år i Sør-Trøndelag operert for hoftebrutt. Eksklusjonskriteriene i studien er sykehjemsbeboere med hoftebrutt og pasienter som ikke kunne gå 10 meter før hoftebruttet.

Tall fra THFT- studien viser at allerede etter ett år er 17 % av de 396 hjemmeboende pasientene døde, og om lag 24 % av har endret bosted til sykehjem.

I det første året utgjør gjennomsnittskostnaden som følge av et hoftebrutt vel 500.000 kroner hvorav 38 % er statens kostnader, 50 % dekkes av kommunen og resterende 12 % delte kostnader stat/kommune (rehabilitering). Etter 2 år er det sannsynlig at totalkostnaden øker som følge av hoftebrutt til 800.000 – 1.000.000 kroner.

I tillegg til direkte helsetjenestekostnader kommer kostnader i form av smerter, lidelse, funksjonssvikt, redsel for nye fall, avhengighet og tap av helse relatert livskvalitet for pasientene samt bidrag og støtte fra familie og venner. Disse kostnadene er vanskelig å tallfeste, men bør av den grunn ikke overses eller underestimeres når det totale kostnadsbildet av hoftebrutt skal vurderes.

Kun 53 pasienter (14 % av de gjenlevende) ble sendt direkte hjem etter sykehusoppholdet. En del av disse fikk behandling og opptrening i hjemmet eller på fysikalsk institutt. Gjennom-snittlig kostnad for hver person i denne gruppen ett år etter bruttet var 322.000 kroner, hvorav sykehuskostnaden utgjør 54 % (stat) og kostnad for pleie og omsorgstjenester 34 % (kommune). Rehabiliteringskostnader (hjemme) utgjør resten (12 %) og dette betales av kommunen.

236 (62 %) av de gjenlevende pasientene fikk økte rehabiliterings - og oppfølgingsbehov etter bruttet. De samlede kostnader for denne gruppen i år en er 469.000 kroner og består primært av tre hovedposter: sykehus (45 %), pleie - og omsorg som er personlig bistand og hjemme-sykepleie (24 %) og institusjon/rehabilitering (23 %). I denne gruppen døde 49 i løpet av det første året.

89 pasienter (24 % av de gjenlevende) fikk permanent plass på sykehjem i løpet av det første året.

Gjennomsnittskostnaden for denne gruppen det første året var 953.000 kroner. Sykehus-kostnaden (staten) utgjorde 27 % mens de resterende kostnadene belastes kommunen.

Pasienter på sykehjem står for om lag 25 % av de 9000 hoftebruttene som skjer i Norge årlig. Denne pasientgruppen er ikke inkludert i THFT- studien. Imidlertid er det rimelig å anta at kostnadsbildet som et minimum vil ligge på nivå med gruppen som er innlagt på sykehjem i studien, dvs. sykehuskostnader på ca. 250.000 kroner og sykehjemkostnader på 900.000 kroner. Merkostnadene som følge av bruttet vil primært handle om sykehuskostnader, men også redusert livskvalitet og økt dødsrisiko.

Sammenlikning med andre studier av hoftebruttpasienter tyder på at disse beregningene for hoftebrutt hos eldre er rimelig representative for alle hoftebrutt hos hjemmевærende eldre over 70 år i Norge.

Kjelde: [Kostnader ved hoftebrutt hos eldre | Skriftserien \(oslomet.no\)](#)

Konklusjon:

Ved å setja inn forebyggjande tiltak og oppretthalda tilboda i frisklivsentralen, vil kommunen samla sett få innsparingar ved at dei eldre held seg friskare lenger, og dermed også kan bu heime lenger.

Å oppretthalda frisklivsentralen er ei rimelig investering, sett i lys av kva kommunen sparar ved å

betre den fysiske helsa til innbyggjarane.

Rådmannen tilrår at kommunen satsar på trening for eldre. Som ein del av å sikra dette, anbefalast det å implementere frisklivscentralen fast i budsjettet frå 2024.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karl Viken	Arkivkode: FE-151
Arkivsaksnr: 22/326	Løpenr: 23/147
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	011/2023
Kommunestyret	23.02.2023	016/2023

Straumstøtte til bedrifter og næringsliv i Samnanger 2023

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 011/2023 Vedtak:

Samnanger kommunestyre set av midlar til straumstøtte til næringslivet i kommunen. Øvre ramme for tiltaket er 0,8 mill. kr.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommunestyre set av midlar til straumstøtte til næringslivet i kommunen. Øvre ramme for tiltaket er 0,8 mill. kr.

Oppsummering:

Det vert vist til kommunestyrevedtak i sak KS 75/ 2022 der rådmannen får i oppdrag til første kommunestyremøte i 2023 å leggja fram forslag til korleis eventuell generell straumstøtte til bedrifter/næringsliv i Samnanger kan utformast.

I denne saka set Samnanger kommunestyre av midlar til straumstøtte til næringslivet i kommunen. Finansieringa av tiltaket er å henta gjennom del av det positive årsresultatet til kommunen i 2022. Øvre ramme for tiltaket vert sett til 0,8 mill. kr.

Støtta skal vera vederlag for ekstraordinært høge straumkostnader andre halvår 2022 og fyrste kvartal 2023. Støtta er knytt til visse føresetnadar.

Fordelinga av stønaden vert gjort gjennom eigen sak til kommunestyre i juni. Dette etter ei innstilling frå administrasjonen.

Ordninga er meint å treffe andre bedrifter enn dei som har nytt godt av den statlege tiltakspakken til næringslivet.

Dokument som er vedlagt:

Ingen

Dokument som ikkje er vedlagt:

Ingen

Uttalar frå andre:

Ingen

Saksutgreiing:Ordning Samnanger kommune

Samnanger kommune opprettar stønadsordning for straumstøtte til næringslivet med ei øvre ramme på 0,8 mill. kr.

Bakgrunn

Støtta skal vera vederlag for ekstraordinære høge straumkostnadar andre halvår 2022 og dei fyrste månadane av 2023. Det vert og lagt til grunn at pris har vore over ei krone pr kWh (eks mva.) – og at dette igjen fører til at bedrifta går med underskot i aktuell periode.

Rammer

Øvre ramma er på 0,8 mill. kr. Eventuelle ubrukte midlar vert del av årsoppgjeret, og vert overført til disposisjonsfondet.

Gjennomføring

Det vert gjennomført ein utlysing med søknadsfrist i april.

Administrasjonen fastset korleis søknadar skal grunnast og dokumenterast.

Det vert bedt om innspel til fordelinga frå aktuelle partar; til døme Samnanger Næringsforum.

Framlegg til tildeling kjem til politisk handsaming i kommunestyret i juni etter innstilling frå administrasjonen.

Innretning på stønaden

Følgjande Føresetnadar skal leggjast til grunn for ordninga:

- Verksemda må ha tilsette i Samnanger
- Søkjar må ha forretningsadresse i Samnanger
- Verksemda må ha negativt driftsresultat pr. 31. desember 2022 eller etter fyrste månadane av 2023
- Verksemda kan ikkje ha fått stønad etter statleg ordning
- Vert fordelt etter skjøn av formannsskapet
- Inntil 200 000 kr i tilskot pr. mottakar/ bedrift

Utanom dette kan skianlegg som ikkje har forretningsadresse i Samnanger søkja om stønad dersom føresetnadane elles er til stades.

Tildeling av straum under marknadspris

Kommunen har inngått avtale om sal av konsesjonskraftmengda, 22 300 mwh, som kommunen disponerer. Dette er gjort til og med 2024. I utgangspunktet er det då ikkje mogleg for kommunen å tildele straum til bedrifter eller private hustandar til ein pris som er under marknadspris.

Administrasjonen vil i politisk sak til junimøte gjere greie for kva framtidige moglegheiter det vil kunne vere for kommunen å ha ordningar der bedrifter eller privatpersonar vert tildelt straum med

ein redusert pris.

Statleg støtte til bedrifter

I september 2022 la regjeringa fram ei tiltakspakke som mellom anna inneheldt ein ny energitilskotsordning for næringslivet som skulle hjelpe straumintensive bedrifter i ein overgangsperiode. Ordninga var meint å kunne hjelpe om lag 20 000 bedrifter i område med særskilt høge straumprisar.

Energитilskotsordninga var ei ny midlertidig søknadsbasert ordning med søknadsfrist i november 2022. Føretak med minst 3 prosent straumintensitet kunne søke om tilskot til å betale straumrekninga og til å investere i energitiltak. Målet var å trygge arbeidsplassar og lokal næringsverksemd.

Utover dette hadde tiltakspakka i 2022 for næringslivet tre grep:

- Betre fastprisavtaler
- Lånegarantiordning
- Incentiv som skal føre til utbygging av meir fornybar kraft

Regjeringa sette i 2022 av 3 mrd. kr til straumtiltak til næringslivet, og utbetalingane starta i november.

Den kommunale ordninga i denne saka skal treffa dei bedriftene i Samnanger som ikkje har nytt godt av statlege tilskot.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Dette er økonomisk bistand til næringslivet som tidlegare ikkje har vore med i kommunen sitt budsjett. Midlane vert teke frå årsresultatet til kommunen i 2022. Dersom ramma for tiltaket vert full ut nytta vil det redusere disposisjonsfondet til kommunen med 0,8 mill. kr. Dette kan vurderast opp mot at ein god del av kommunen sitt disposisjonsfond er bygd opp gjennom perioden med høge straumprisar.

Tiltaket vil kunne bidra til å trygge drifta til bedrifter i kommunen som har fått ein dårleg økonomisk situasjon grunna høge straumkostnader.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Edith Oma	Arkivkode: FA-F47, TI-&14
Arkivsaksnr: 21/828	Løpenr: 23/997
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.02.2023	013/2023
Kommunestyret	23.02.2023	017/2023

Tilstandsrapport 2022 for barnevernstenesta i Samnanger

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 013/2023 Vedtak:

Tilstandsrapport 2022 for barnevernstenesta i Samnanger vert teken til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport 2022 for barnevernstenesta i Samnanger vert teken til orientering.

Dokument som er vedlagt:

Tilstandsrapport barnevernstenesta 2022

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Barnevernlov gjeldande til og med 31.12.2022 (LOV 1992-07-17-100)
(<https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1992-07-17-100>)

Oppsummering:

Det er krav om at kommunestyret minst èin gong i året skal få «en redegjørelse om tilstanden i barnevernstjenesten». I den gamle barnevernlova, som gjaldt til og med 31.12.2022, stod dette kravet i § 2-1 åttande ledd. I den nye barnevernslova, som gjeld frå og med 01.01.2023, står kravet i § 15-3 femte ledd. Rådmannen legg no fram tilstandsrapport for barnevernstenesta i Samnanger for 2022.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Kravet om årleg tilstandsrapport («redegjørelse») til kommunestyret kom inn i barnevernslovgjevinga

i 2021. Bufdir (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet) publiserte i samband med dette diverse informasjon om tilstandsrapporteringa på nettsidene sine, mellom anna om kva rapporten skal innehalda og korleis den kan utarbeidast. Informasjonen ligg på følgjande nettadresse:

- https://ny.bufdir.no/fagstotte/produkter/tilstandsrapportering_for_kommunale_barnevernstjenester/

Oppbygginga av tilstandsrapporten som no blir lagt fram for politisk handsaming, er i hovudsak basert på råda frå Bufdir samt 2021-tilstandsrapporten for barnevernstenesta i Samnanger. Rapporten for 2021 vart handsama av kommunestyret 02.12.2021.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Det går fram av forarbeida som vart gjort før kravet om årleg tilstandsrapportering vart teke inn i Lov om barneverntjenester i 2021, at det er kommunedirektøren (rådmannen) som har ansvaret for å leggja fram tilstandsrapporten. Det går i forarbeida vidare fram at barnevernstesta sin leiar må involverast aktivt i arbeidet med å informera kommunestyret om tilstanden i barnevernstenesta. Sjå kapittel 11 i Prop. 84 L (2019-2020):

- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-84-l-20192020/id2698870/?ch=11>

Tilstandsrapporten som no blir lagt fram for politisk handsaming er utarbeidd av konstituert barnevernsleiar, i samarbeid med rådmannen.

Konklusjon:

Tilstandsrapporten for 2022 vert no lagt fram for politisk handsaming i formannskapet og kommunestyret. Rådmannen tilrår at rapporten blir teken til orientering.